



Kulturmiljøplan 2026–2030

*Gud signe vårt folk der dei siglar og ror
og blåmyri pløyer i sud og i nord!
Di hand må dei vara som ute skal fara!
Dei strevar og balar på skip og i båt,
Gud vere i storm og i stilla attåt.*

*Sitt levebrød har dei på brusande hav
med berre ei fjøl mellom seg og si grav.
I stormvêr og fåre forkomne og klåre
dei har ikkje mykje å tryggja seg til.
Gud Fader, du styrkja og trøysta dei vil!*

“Gud signe vårt folk der dei siglar og ror” Bernt Støylen

Tekst og grafisk utforming, del 1-3,: Rådgjevande Arkeologar ANS.
Framsida: Kulturminne ID 227107-1, naustrekkje og steinvorr på Leikong
Foto: Rådgjevande Arkeologar v/Oddhild Dokset Engedal der anna ikkje er nemnt
Versjon 31.01.26



Føreord

Kulturarven vår er meir enn gamle bygg og synlege spor i landskapet. Ho er forteljinga om kven vi er, kvar vi kjem frå, og kvifor Herøy har utvikla seg slik vi kjenner kommunen i dag. I steinrøyser frå bronsealderen, i naustrekkjer langs leia, i klyngetun, bedehus, fiskarbondens slit og industrihistorie finst fortellingar om menneska som gjennom hundrevis av år har forma øyriket vårt – og som har gjort Herøy til ein stad med sterk identitet og rikt samfunnsliv.

Med denne kulturmiljøplanen ønskjer Herøy kommune å løfte fram verdien av dei mange kulturminna våre, både dei store og kjende og dei små kvardagslege spora, som er ein naturleg del av landskapet rundt oss. Planen skal vere eit verktøy som gjev kunnskap, oversikt og retning. Han skal hjelpe oss å ta gode avgjerder, både politisk og i det daglege forvaltingsarbeidet, slik at vi tek vare på kulturmiljøet på ein måte som skapar utvikling, tilhøyrslø og stoltheit.

Planen byggjer på brei medverknad frå innbyggjarar, lag og organisasjonar, fagmiljø og tilsette. Mange har bidrege med kunnskap, bilete, innspel og lokalkjennskap. Det viser at engasjementet for kulturarven står sterkt i Herøy og at kulturminnevern er noko vi får til i fellesskap.

Kulturmiljø er ein viktig del av ei berekraftig samfunnsutvikling. Det handlar om å ta vare på ressursane vi har, bruke dei klokt og sikre at også komande generasjonar får oppleve og lære av historia vår. Kulturmiljøplanen inviterer til å sjå verdien i det vi har rundt oss, og til å bruke kulturarven som ein ressurs i vidare utvikling av Herøysamfunnet.

Eg vil rette ei stor takk til alle som har bidrege i arbeidet med planen, og til alle som gjennom frivillig innsats, eigarskap og lokalt engasjement held kulturarven levande kvar dag.

Saman skal vi ta vare på historia vår – og bygge framtida vidare på solide røter.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy
Ordførar i Herøy kommune

Innhald

Del 1: Bakgrunn og målsetjingar	5
Rammer og føringar	5
Medverknad	6
Oppbygging av planen	7
Definisjonar – ulike typar kulturminne	7
Verdiar i kulturmiljø	8
Korleis ta vare på kulturminna?	8
Aktørar og ansvarsområde i kulturminneforvaltinga	10

Del 2: Kulturhistoria temavis 12

Kulturlandskap	13
Førhistoria	17
Fiskarbonden	23
Kyrkjer og kristenliv	30
Skular, lag og organisasjonar	36
Samferdsel, handel og næring	39
Vegar og vegbygging	41

Del 3: Utvalde kulturminne 47

Kvilarhaugane, Runde - nasjonal verdi	48
Strandgravfelt, Løsetstranda - nasjonal verdi	49
Kvalsundfunna - nasjonal verdi	51
Kjeldsund handelsstad - regional verdi	53
Herøy gard og kystmuseum - regional verdi	54
Runde hamn - regional verdi	57
Fosnavåg kystkulturmiljø - regional verdi	60
Gjerde - lokal verdi	66
Slippen - Herøy kystlag - lokal verdi	67
Voldnesbygget - lokal verdi	68
Tonninggarden - lokal verdi	69
Svendsenbua - lokal verdi	70
Djupvikskogen - lokal verdi	72
Havilabygget - lokal verdi	73
Sunnmørsjekta "Anna Olava" - lokal verdi	74
Storfæringen - lokal verdi	75
Fiskemed - lokal verdi	76
Boknasild - lokal verdi	77

Del 4: Handlingsplan 79

Kjelder	80
---------	----

Vedlegg	81
---------	----

Del 1: Bakgrunn og målsetjingar

Innleiing

Kulturmiljø inneheld spor etter levd liv og fortel oss historier om korleis menneska før oss levde og verka. Desse spora er ekte og autentiske og kan ikkje erstattast om dei først er tapte eller skjemde. Kulturminna er viktige kjelder til kunnskap om fortida og er verdifulle fordi dei gjev oss denne kunnskapen. I tillegg har dei verdi fordi dei gjev oss opplevingar og fordi dei er ein bruksressurs. Kulturminna er viktige for menneska sin identitet og gjev kommunen særpreg og eigenart.

Endringar i levesett gjer at mange kulturminne, både enkeltminne og heile kulturminnekategoriar, er i ferd med å gå tapt. Alt kan ikkje takast vare på, men det er viktig å ha eit medvite forhold til kva ein ynskjer å bevare, slik at nye generasjonar kan oppleve dei, lære av dei og bruke dei.

Målsetjingar

I regi av Riksantikvaren vart det i 2012 sett i gang eit landsomfattande arbeid med å lage kommunale planar for kulturmiljø (KIK – Kulturminne i kommunane).

Bakgrunnen for dette er ei målsetjing om å skaffe ei betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunane, styrke samarbeidet mellom forvaltingsnivå og styrke den lokale kommunale kompetansen på kulturminnefeltet.

Lokalt er målet med kulturmiljøplanen:

- han skal vere eit godt arbeidsverktøy for kommunen
- arbeidet med planen skal auke kompetansen om lokal kulturarv
- sette kulturminne på den politiske dagsorden
- oppnå auka samarbeid med lokalsamfunnet.

Rammer og føringar

I Kulturmiljømeldinga til Stortinget frå 2020, «Meld.St.16 (2019–2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold» fekk Noreg nye nasjonale mål:

- alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
- kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Meldinga innførte også kulturmiljø som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Kulturmiljø vert brukt når feltet vert omtala som ein heilskap, men erstattar ikkje dei individuelle omgrepa.

Omgrepet kulturmiljø understrekar heilheit og samanheng, og tilknytinga til den øvrige klima- og miljøpolitikken er tydelegare. Kulturmiljøpolitikken er knytt til FN's

berekraftsmål og byggjer på ei heilskapleg forståing av berekraftig utvikling. Særleg berekraftsmål 11, Berekraftige byar og lokalsamfunn, er relevant, med delmål 11.4 som legg vekt på vern og sikring av kultur- og naturarv.

Kulturmiljø skal forvaltast som ein aktiv ressurs i samfunnsutviklinga, og prinsipp om vern gjennom bruk står sentralt. Bevaring og gjenbruk av eksisterande bygningar og kulturmiljø, kan bidra til redusert ressursbruk og klimagassutslepp, i tråd med berekraftsmål nr. 12 og 13. Kulturmiljø er ikkje berre fysiske spor frå fortida, dei er også viktige berarar av lokal identitet og tilhøyrslse. Bevaring og bruk av kulturminne bidreg til inkluderande lokalsamfunn, styrkjer kommunen sitt særpreg og synleggjer mangfaldet av historier og erfaringar i kommunen (i tråd med berekraftsmål 4, 10 og 11).

Regionale føringar:

- Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi, Møre og Romsdal fylkeskommune



Lokale føringar:

- Planstrategi for Herøy kommune 2024–2027.
- Herøy kommune 2030. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Medverknad

Våren 2017 vart det varsla oppstart av arbeid med kulturmiljøplan for Herøy kommune. Det vart arrangert oppstartsmøte som var ope for alle, i tillegg vart det seinare halde seks bygdemøte, der innbyggjarane i dei ulike grendene vart inviterte til å komme med innspel. Det vart også laga eit eige elektronisk skjema som ein kunne registrere kulturminne i. Arbeidet med kulturmiljøplanen låg brakk nokre år, før arbeidet vart teke opp att i 2021/2022, og etter nok ei pause, fullført vinteren/våren 2026.



Kulturminne ID 2271181-1, Leinestøylen, regional verdi. Eit komplett gardstun der alle bygningar har opphavleg form og skala. Stabbur i framgrunnen, bak til høgre ser ein løa. Bygningane er frå kring 1850.

Oppbygging av planen

Kulturmiljøplanen er ein temaplan og gjeld kulturmiljø i heile kommunen. Planen i seg sjølv gjev ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette.

Planen er delt inn i 4 hovuddelar. Del 1 handlar om det teoretiske rammeverket. Del 2 gjev ein kortfatta presentasjon av kulturhistoria i kommunen. Dette er gjort temavis og det er trekt fram døme på kulturminne innanfor dei ulike temaa. Del 3 er ein presentasjon av 18 kulturminne/kulturmiljø, som Herøy kommune vil trekkje særleg fram. Del 4 er handlingsplanen.

Kulturmiljøplanen femner om kulturminne av nasjonal verdi, så vel som kulturminne av regional og lokal verdi. Ei oversikt over desse er samla i lister, lengst bak i planen. Innspel frå innbyggjarar er ført opp på lista over kulturminne av lokal verdi. Sidan planarbeidet har drege ut i tid, har det vore vanskeleg å få kartfesta alle kulturminna som vart føreslått. Berre dei ein har klart å kartfeste, er med i denne

omgang. Materielle, og faste, kulturminne som er med i planen er registrert i kulturminnedatabasen Askeladden og har fått eit eige kulturminne ID nummer. Dette er tilgjengeleg for publikum via [khttps://www.kulturminnesok.no/](https://www.kulturminnesok.no/). Her kan ein søkje opp ID nummer, eller utforske kart.

Listene gjev ikkje ei fullstendig oversikt over alle kulturminne i kommunen. Det vil vere kulturminne som burde hatt ein plass i planen, men som ikkje er kome med på noko liste. Kommunen har likevel ansvar for desse. Det er lagt opp til at lista over kulturminne av lokal verdi kan utvidast oftare enn revisjon av heile kulturmiljøplanen, sjå meir om dette i del 4 Handlingsplan.

Definisjonar- ulike typar kulturminne

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50) gjev ein vid definisjon av kulturminne: "alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til".

Frå røykstova på Nesgjerdet, gnr. 47/5, kulturminne ID 338372-0 , lokal verdi.



Ein kan dele kulturminna inn i to hovudkategoriar: materielle- og immaterielle kulturminne. Materielle kulturminne er handfaste kulturminne ein kan ta og røre ved, mens immaterielle kulturminne eksisterer som tanke, handling og lyd – til dømes, song, soger, kunst og handverk.

Vidare skil ein mellom faste- og lause kulturminne. Den førstnemnde kategorien er objekt som er integrerte i landskapet, mens lause kulturmine er gjenstandar som ein kan flytte på og som kan skiljast frå landskapet. I kulturmiljøplanen er alle dei fire kategoriane representerte.

Ein snakkar om kulturmiljø når eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng. Vurderingar av kulturhistorie, tidsdjupne, einskilde kulturminne og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vert definert og avgrensa. Med kulturlandskap meiner vi landskap som er forma av menneske sine liv og aktivitetar.

Automatisk freda kulturminne

Innføringa av reformasjonen i 1537 er grunnlaget for skiljet mellom automatisk freda- og nyare tids kulturminne. Alle kjende og enno ikkje kjende, faste- og lause kulturminne eldre enn 1537 har eit automatisk vern gjennom kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne). Vidare har også ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år og samiske kulturminne frå 1917, eller før, same automatiske vern.

Nyare tids kulturminne

Med nyare tids kulturminne meiner vi kulturminne yngre enn 1537 (reformasjonen). Med unntak av eksempla ovanfor, har ikkje nyare tids kulturminne automatisk vern. Gjennom særskilde vedtak kan Riksantikvaren frede nyare tids kulturminne, ein talar då om vedtaksfreda eller forskriftsfreda kulturminne.

Nyare tids kulturminne kan også gjevast vern gjennom plan- og bygningslova.

Verdiar i kulturmiljø

Stortingsmelding nr. 16 (2004–2005) «Leve med kulturminne», skisserar eit triangel av forenkla, overordna verdiar i kulturminne:

- Kunnskapsverdi
- Opplevingsverdi
- Bruksverdi

Grunnlaget for å verne kulturminne er såleis at dei har verdi som kjelder til kunnskap, som grunnlag for oppleving og som ressurs for bruk.

I forvaltinga er omgrepa nasjonal, regional og lokal verdi nytta. Kulturminne av nasjonal verdi skal syne breidda av landet si historie. Desse er i større grad verna av lovverk og forvalta på høgare nivå, som for eksempel automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne. Kulturminne av regional verdi skal spegle regionen si historie og utvikling og dei er med i *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*, Møre og Romsdal fylkeskommune. Kulturminne av lokal verdi er først og fremst viktig for lokalsamfunnet og skal forvaltast av kommunen.

Korleis ta vare på kulturminna?

Det er tre sentrale verkemiddel i kulturminnevernet:

- juridiske verkemiddel
- økonomiske verkemiddel
- informasjon og rådgjeving

Juridiske verkemiddel

Kulturminnelova og plan- og bygningslova er dei juridiske verktøya for å kunne ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø.

- Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50) er staten sitt verktøy i kulturminnevernet. Lova fastset at alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda, samt ståande bygg og myntar eldre enn 1650 og kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, samt samiske kulturminne frå 1917 eller før. Lova gjev også heimel til å vedtaksfrede yngre kulturminne og kulturmiljø.
- Plan- og bygningslova er kommunen sitt juridiske verkemiddel og er særleg viktig for kulturminne frå nyare tid. Som planmyndigheit har kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturarva. Plan- og bygningslova gjev heimel til å sette av areal til omsynssoner for å sikre kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda etter kulturminnelova, men også andre bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø.

Omsynssonene er eit verkemiddel for å synleggjere og verne dei viktigaste omsyna, og ikkje, til dømes, for å markere alle registrerte kulturminne (Riksantikvaren 2010).

Kulturminne ID 226977-1, Runde hamn, regional verdi.

Økonomiske verkemiddel

Sjølv om eit kulturminne er freda eller verna med omsynssone i kommunen sin arealplan, gjev det eit avgrensa vern. Det viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet. Dette krev både kunnskap og økonomiske ressursar og at kulturminneforvaltinga, på alle nivå, legg til rette for dette.

Det er fleire tilskotsordningar eigarar av kulturminne kan søkje midlar frå:

Riksantikvaren

- Private eigarar av freda kulturminne- og miljø kan søkje om tilskot til istandsetting og vedlikehald (les meir om dette på: <https://www.riksantikvaren.no/tilskudd/oversikt-over-tilskuddsordninger/>)



Møre og Romsdal fylkeskommune

- Fylkeskulturprisen
- Prosjektstøtte til kulturmiljø og friluftsliv
- Tilskot til brannsikring av tette trehusområde
- Tilskot til fartøyvern
- Tilskot til freda hus i privat eige- frå før 1537
- Tilskot til freda kulturminne i privat eige
- Tilskot til førehandsvurderingar av verneverdige byggverk
- Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne
- Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturmiljøområdet
- Tilskot til verdsarv
- Utviklingsstipend i tradisjonshandverk

Andre tilskotsordningar:

- Kulturminnefondet
- Nordenfjelske Bykredits Stiftelse
- Nytt liv i naust og sjøhus
- Prosjektstøtte kulturvern
- Sparebankstiftelsen Nordvest
- SMIL- midlar, midlar til særskilte miljøtiltak i jordbruket
- Stiftelsen UNI
- "Ta et tak"- aksjonen

(les meir om ordningane på <https://mrfylke.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/kulturminne-og-kulturmiljo/sok-om-tilskot-til-kulturminne-og-kulturmiljo/> eller ta direkte kontakt med Kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune).

Informasjon og rådgjeving

Ei god kulturminneforvaltning er å kunne gje råd og rettleiing i saker som gjeld kulturminnevern. Her kan både riksantikvar, fylkeskommune, museum og andre bidra med kompetanse på ulike område. Kommunane har ei viktig rolle i å sjå til at slik kunnskap vert delt, både mellom forvaltningsnivåa og med innbyggjarane.

Aktørar og ansvarsområde i kulturminneforvaltninga

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for utforming og oppfølging av nasjonal kulturminnepolitikk.

Riksantikvaren er direktoratet for kulturminneforvaltning og har ansvaret for gjennomføring av den statlege kulturminnepolitikken. Han kan kome med motsegn i dei tilfelle der kulturminne av nasjonale interesser er truga.

Kvernhus, kulturminne ID 338377-0, gardsbusetnad og kulturlandskap i Goksøyra, regional og lokal verdi.



Fylkeskommunen er regionalt forvaltingsorgan for kulturminne med delegert myndighet etter kulturminnelova. Fylkeskommunen har forvaltingsansvar for dei automatisk freda og vedtaksfreda kulturminna. Han kan klage på vedtak i byggesaker og fremje motsegn i plansaker som ikkje i stor nok grad tek omsyn til kulturminne. Fylkeskommunen har også ein viktig rettleiaroppgåve i planprosessar, fagleg rettleiing og formidling av nasjonale og regionale mål og retningslinjer.

Kommunane er plan- og byggesaksmyndigheit og ansvarleg for å leggje til rette for bevaring og bruk av kulturminne. Dei er gjevne eit sjølvstendig ansvar og er råda til å ta vare på kulturminneverdiar i samanheng med andre viktige samfunnsområde som folkehelse, friluftsliv, skule, reiseliv, landbruk og natur- og klimatil- tak.

Museum er viktige kompetanseinstitusjonar og oppgåver er i første rekkje, innsamling, bevaring, dokumentasjon og formidling.

Frivillige organisasjonar er viktig for brei forankring av kulturminnevernet. Dei tek mange viktige initiativ og gjer ein stor jobb med å dokumentere, informere om, inspirere til vern av, initiere og drive restareringstiltak og forvalte kulturminne. I Herøy kommune er følgjande frivillige organisasjonar aktive:

- Herøy Kystlag
- Herøy mållag
- Herøy sogelag
- Stiftinga Herøyspelet
- Herøy Kystmuseum

Eigaren sitt engasjement og innsats er langt på veg den mest avgjerande faktoren for å lukkast i kulturminnevernet. For mange enkeltminne er det den private eigar sine midlar, sitt engasjement og innsats som har berga det frå forfall og øydelegging.

Fosnavåg kystkulturmiljø (foreløpig utan kulturminne ID), regional verdi.



Del 2: Kulturhistoria temavis



Naustrekkja på Runde og Runde hamn,
kulturminne ID 338380-0 og 226977-1

Kulturlandskap

Herøy kommune grensar til storhavet og landskapet er karakterisert av store og små øyer, samt låge holmar og skjer. På mange av øyene er det høge, steile fjell med bremmar av strandflate kring fjella. Klimaet er mildt, med relativt kjølige somrar og milde vintrar.

Heilt frå dei første menneska kom hit, har dei nytta ressursane kring seg. Først som jegerar og sankarar, og etterkvart supplert med jordbruk. Som fiskarbønder innreia dei landskapet

frå fjord til fjell og forma kulturlandskapet vi har kring oss. Busetjinga er konsentrert på flatene mot sjøen med dyrkbar mark, og folk har søkt seg til stader som har gitt ly for vår og vind. God hamn til båtar har også vore viktig. Fram til vår tid har ein kombinasjon av jordbruk og fiske vore rekna som den viktigaste næringa. Gardsbruka har vore gjennomgåande små, og forutan fiske, har også tarebrenning, fuglefangst og sanking av mose vore viktige attåtnæringar.



Utsyn frå Fosnavåg mot Leinøya og Remøya.

Dei milde vintrane har gjeve moglegheiter for å ha småfe beitande ute heile året og lyngheilandskapet vitnar om gode vilkår for beite i utmark, på skjer, holmar og øyer. Fleire stader i kommunen er her kystlynghei – ein naturtype og kulturlandskap som utvikla seg gjennom tusenvis av år med heilårsbeite og avsviing.

I 1994 vart Runde–Nerlandsøy utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa

av verdifulle kulturlandskap. Nerlandsøya har store område med godt bevart kystlynghei og bønder som aktivt held denne i hevd. Det er stifta beitelag som omfattar heile øya, dei deler kunnskap med kvarandre og samarbeider om skjøtsel. Både Egil Kvalsund og Mats Jøsok Kvalsvik fått utmerkingar og prisar for deira innsats for å ta vare på kystlyngheia gjennom brenning og beitebruk.



Eit spesielt kulturlandskap; Mulevika, ei vid, graskledd, steinete beitemark på nordvestre side av Nerlandsøya. Her er fleire steinstrukturar, truleg busetnadsspor og gravminne. Storslått utsyn vestover havgapet. Kulturminne ID 92579, nasjonal verdi.

I 2015 fekk dei mest verdifulle kystlyngheiene status som utvalt naturtype etter Naturmangfaldlova. Kystlyngheia i Herøy, så vel som andre stader i landet, er trua av utbygging og gjengroing, som følgje av endringar i levesettet. Kulturmarkene på Nerlandsøy er på lista over kulturminne av lokal verdi (foreløpig utan kulturminne ID).

Runde er godt kjent, både for Runde fyr, bygd i

1767, og som Noreg sitt sørlegaste store fulgefjell. Ein kombinasjon av jordbruk og fiske, med attåtnæringar, har også her vore den viktigaste næringsvegen. Karakteristisk for øya er eit heilskapleg og særprega kulturlandskap i god hevd; store, flotte gras- og lyngheier, samt busetjinga langs strandflata. Bygningsmassen er stort sett einsarta og harmonisk. Ovanfor busetnaden i Goksøyra, og delvis langs med vegen sørover, ligg trelause, kystprega



Gardstun i Goksøyra med trelause beitemarker i bakkant. Kulturlandskapet er av regional verdi (foreløpig utan kulturminne ID), regional verdi.

beitemarkar. Dette kulturlandskapet er av regional verdi og er med i regional delplan for kulturminne, MRFK (foreløpig utan kulturminne ID).

Innanfor dei definerte kulturlandskapa er her mange spor etter fiskarbonden, til dømes gardstun, naust og sjøhus, murar etter bygningsar i inn- og utmark, torvuttak, sommarfjøsar, vegar og stiar.

Eit anna verdifullt kulturlandskap i Herøy er KULA-landskapet K556: Flåværleia – eit kulturlandskap av nasjonal interesse.

Flåværleia ligg nord om Stadhavet, som er eitt av dei mest frykta havstykkja langs kysten. Frå gammalt av, har ho vore nytta som ei trygg innanskjers siglingslei, her kunne dei sjøfarande få ly for storhavet. Flåværleia har vore den mest nytta siglingsleia langs Sunnmørskysten.

Kulturlandskapet syner stor tidsdjupne og øyene i Flåværleia er rike på kulturminne. Her er spor etter aktivitet og busetnad frå alle tidsperiodar og meir synlege – store gravminne frå bronse- og jernalder. Slike vart ofte plassert langs siglingsleia for å vise veg, rikdom og/eller makt. Kvalsundfunna vart gjort på sørsida av Nerlandsøya. Dei kan vere offerfunn, der to båtar frå tidleg vikingtid har vore mellom offergåvene (sjå side 51-52) og på Herøya, også kalla Sagaøya, vart her reist ei steinkyrkje i mellomaldereren (sjå side 55).

På øyene er her tradisjonelle gardsbruk med gardshus, sjøhus og båtstø. Folk frå heile regionen har søkt seg til Flåværleia for å drive fiske og der farvatnet var smult og landingstilhøva var gode, voks det fram fiskevær og handelsstadar, som til dømes på Flåvørsholmane og på Herøya (sjå side 44 og 55-56).



Flåværholmane, kulturminne ID 338385-0, 226880-1 og 227072-1, regional og lokal verdi.

For å gjere det tryggare å ferdast på havet vart det etter kvart utvikla ein maritim infrastruktur; alt i 1767 vart det tent eit fyrlys på Runde og som innsiglingsfyr til Flåværleia vart fyret på Flåvær reist i 1870.

Etter kvart vart her også sett opp lyfter, stakar og andre siglingsmerke (les meir om dette på side 39-40). Kulturminne ID K556: Flåværleia.



Herøya og Nautøya i Flåværlia. Herøya vert også kalla Sagaøya, sidan ho er nemnd i sagalitteraturen fleire stader. Frå gammalt av var øya den første viktige hamna nord for Stad og hadde ein sentral posisjon lokalt og regionalt. Foto: Stein Arne Orvik.

Førhistoria

Øykommunen Herøy ligg sentralt til i leia og har vore ein attraktiv stad å halde til, langt tilbake i tid. Typisk for heile kommunen er lokalitetar med spor etter busetjing, aktivitet og/eller funn som strekkjer seg over fleire tusen år, frå eldre steinalder til yngre jernalder. Utgravingar dei siste åra syner at det har vore intensiv bruk av øyene gjennom førhistoria med eit variert erverv med fangst, fiske og jordbruk i eit breitt spekter. Både eldre gjenstandsfunn og meir moderne arkeologiske undersøkingar, syner at Herøy har hatt gode kommunikasjonsvegar og vide nettverk langt utover lokalt nivå.

Steinalder 9500–1700 f.Kr.

Dei første menneske kom til landet kring 9 500 år f. Kr. og i litt over 7000 år, til slutten av det 3. årtusen f. Kr., heldt dei hovudsakleg til i sjøkanten. Næringsgrunnlaget var jakt, fangst og fiske. Ressursane i havet var svært viktige, dei sikra stabil og god tilgang på mat. Buplassane til steinaldermenneske er sjeldan synlege på markoverflata. Skal ein finne dei, må ein vite kvar ein skal leite. Vi veit at buplassane oftast var strandbundne og kunnskap om kor strandlinja var i dei aktuelle tidsperiodane er viktig.

Lune viker med gode hamner er også viktige lokaliseringsfaktorar. I 2021 undersøkte Universitetsmuseet i Bergen ein heilt spesiell lokalitet på Nerlandsøy, Kvalsund, berre nokre hundre meter frå myra der dei berømte Kvalsundbåtane i si tid vart funne. Undersøkingane avdekte intakte kulturlag med eit rikt funnmateriale, datert til 3000–2350 f. Kr. Både reiskaps- og beinmateriale syner at dei som haldt til her var tilpassa, og hadde ein særskild teknologi, retta mot den maritime næringa. Særleg interessant er funn av over 30 tenner frå haitypen håbrann, eit dyr som kan bli to meter langt og vege opp mot 200 kg. Å fange eit så stort dyr krev både samarbeid og teknologi. Det littiske funnmateriale peikar også mot kontaktar over store område. Funn av skiferspyd tyder på at folket her var ein del av byttenettverka i Midt-Noreg og i Nord-Noreg, der skiferspyd sirkulerte. Det vart gjort funn av ein ravknapp, truleg laga i Baltikum kring 5000 f. Kr. Vidare syner pilspissar i importert flint frå Jylland, kontakt med Danmark, der jordbruket var etablert på denne tida.

I løpet av siste halvdel av det 3. årtusen før Kristus, vart jordbruket etablert på Vestlandet.

Funn frå steinalderlokaliteten på Kvalsund, nemnd i teksten over (kulturminne ID 136386, vernestatus: fjerna). Biletet til venstre syner tenner frå haitypen håbrann, under til venstre eit skiferspyd, ravknapp og pilspiss i flint importert frå Jylland. Foto: © 2022 Universitetsmuseet i Bergen.



Innføringa av det nye levesettet kom gradvis, og i byrjinga, som eit supplement til fangst, jakt og fiske. Ein har lite kjeldemateriale frå pe-rioden då jordbruket først får innpass på Vest-landet, men eitt av unntaka er tufta på Kvilar-hagane, Runde (kulturminne ID 45876, eit av Herøy kommune sine utvalde kulturminne, sjå side 48). Denne vart undersøkt i 2020 av Uni-versitetsmuseet i Bergen og den første bruks-fasen til tufta vart datert til nettopp denne pe-rioden. Funnmaterial og plassering tyder på at tufta vart nytta sesongvis. Dei som nytta ho hadde tilgang på eit vidt spektrum av fangst-ressursar der både fisk, sel og fugl er represen-tert. Kanskje var tufta ein fangststasjon knytt til ei meir regulær jordbruksbusetjing i nærom-rådet?

Etterkvart tok det nye levesettet meir eller mindre over for det gamle. Folk gjekk over til å bu i, først, toskipa langhus (2000–1500 f. Kr.) og seinare treskipa langhus (fram til kring 1000 e. Kr.). Dei dyrka bygg og kveite og åkrar vart rydda for stein og brotne med ard, som er ein enkel plog. Etter at jordbruket har fått feste en-drar lokaliseringsfaktorane seg. Område med gode forhold for åkerbruk, gjerne med tilkny-


Til høgre: Flintdolk funne i ei myr på Hjelmeset, gnr. 31 (B6087). I myrane på garden er det funne fleire offerfunn. I 2014 avdekte også arkeologar ved Universitet i Bergen to til tre toskipa langhus, berre kring 100 meter frå dei funnrike myrane.

Til venstre: Hengesmykke og perler av rav, frå steinal-der. Funne i myr på gardane Myklebust, gnr. 37, Berge, gnr. 29 og ein ukjent stad på Bergsøy (B6255, B6492 og B5048). Foto: © 2022 Universitetsmuseet i Bergen.

ting til sjøen, blir attraktive. På Herøy er det mange slike stader og Mørekyten peikar seg ut, saman med Rogaland, som det område ein finn flest spor etter den særeigne jordbruks-kulturen som vart etablert i slutten av yngre steinalder.

Det er også gjort fleire depotfunn frå siste de-len av yngre steinalder. Frå ulike myrar har ein gjennom jordarbeid opp gjennom tidene gjort funn av importerte gjenstandar som dolkar, sigder og skraparar av flint, skiferspyd, skaft-holøksar av stein og ravsmykke. Dette er eksotiske og dyrebare gjenstandar, lagt ned som offringar i våtmark og tjern. Gjenstanda-ne vitnar også om kontakt- og byttenettverk til Sør-Skandinavia, Nord-Noreg og Baltikum.

Hengesmykke i skifer med dekor. Truleg frå yngre stein-alder. Funne på Igesund (B7102).



Bronsealder 1700–500 f. Kr.

I bronsealderen synest samfunna å verte meir komplekse med varehandel over lange avstandar og metallteknologi. Bronse blir innført som ein ny verdimålar og ein får smykke og våpen laga i bronse. I denne perioden vert dei store gravrøysene og gravhaugane innført. Dei er ofte plasserte godt synlege langs leia og er eit uttrykk for eit meir lagdelt samfunn.

Gravrøyser og haugar utan funn kan vere vanskeleg å datere då dei opptrer i ulike periodar, både i bronsealder og i jernalder. På Sunnmøre er store strandgravfelt med graver frå både bronsealder og jernalder vanlege. Løsetstranda med sine 60 røyser, kulturminne ID 55147, er eit av landets største felt (les meir om dette på side 49). Elles ligg her ei rekkje gravminne, både røyser og haugar, på strategiske stader, i heile kommunen.

Bergkunst

Bergkunst opptrer i både steinalder og i bronsealder og er bilete som er hogd, rissa, slipt eller måla på bergflater og somme tider, på lause steinblokker. Dei eldste helleristningane vert kalla «veideristningar» og gjengjev oftast dyr som, til dømes, hjort, elg og rein.


På garden Rosskar, gnr. 67/1, er det registrert to felt med helleristningar. På det største feltet er det ein tydeleg skipsfigur med tvedelte stevner (biletet over). Like over er truleg del av ein liknande figur, i tillegg er det fleire linjer og hoggemerker, men desse dannar ingen sikre figurar. Ristninga er hogd på ei laus blokk som ligg under ein hellar, godt utsyn mot Rovdefjorden. Kulturminne ID 92606, nasjonal verdi. Foto: © 2022 Universitetsmuseet i Bergen



På Eggesbø, gnr. 38, vart det i si tid funn ein bronsedolk i ei myr under grøftegraving (B6082). Dolkbladet er ganske lite, kun 8,5 cm lang. Ein del av handtaket, av geitehorn, var bevart. Biletet over syner original (© 2022 Universitetsmuseet i Bergen), biletet under er ein kopi laga av Ørjan Engedal, foto: © 2022.

I bronsealder kjem «jordbruksristningane» og her er skipet eit av dei vanlegaste motiva, ofte utstyrt med såkalla mannskapsstrekar. Vidare er sirkclar og spiralar – såkalla solteikn, vanlege symbol.

Veideristningane er ofte tolka som eit uttrykk for jaktmagi, mens ristningane frå bronsealder vert tolka som uttrykk for religiøse førestillingar og kultbruk.





Kjemperøysa på Golleneset, truleg frå eldre bronsealder. Kulturminne ID 55146, nasjonal verdi. Foto: Yngve Eidset, henta frå www.kulturminnesok.no.

Jernalder (500 f. Kr–1030 e. Kr.)

I løpet av jernalderen får ein fastare struktur på garden. Det vert opparbeidd tun, innmark og utmark, og det er truleg i denne perioden ein utviklar eigedomsrett til land. Gardsanlegg med hus og åker frå perioden er sjeldan synlege på markoverflata.

Typisk finn ein stolpehol, kokegroper og dyrkingsspor under matjorda, ved maskinell flateavdekking. Det vil seie at ein fjernar matjorda med gravemaskin og så syner strukturane seg som fyllskifter i undergrunnen.

Spannforma leirkar, funne i ei gravrøys på Tjørvåg. Folkevandringstid, eldre jernalder, B3184. © 2022 Universitetsmuseet i Bergen



Jern erstattar etterkvart bronse som råstoff i både reiskap og våpen. Jern har betre kvalitetar og både reiskap og våpen vart meir effektive. Jern var også tilgjengeleg lokalt i Noreg, sjølv om det kravde både kunnskap og nærleik til myrsmalm.

Øyene i Herøy kommune har stått sentralt også i eldre- og yngre jernalder. Dei ligg sentralt i leia og det er kjent ei rekkje funn frå perioden, både gjenstandsfunn, gravminne, busetnadsspor, bautasteinar og nausttufter. Det mest kjende funnet er offerfunnet i Kvalsund, der mellom anna Kvalsundskipet vart funne (eitt av Herøy kommune sine utvalde kulturminne, les meir om dette på side 51).

Fleire stadsnamn har namn etter norrønne gudar, som Nerlandsøy og Nerland, og Frøystad. Nærøynamnet, tidlegare skrive Njardeyar, tilhøyrar ei gruppe stadnamn som vert knytt til guden Njord – som er forbunde med lykke og rikdom på havet. Nærøy har vore hovudsete for skipsrede, den eldste forma for administrative inndelinga ein kjenner, og tingplass fram til 1800-talet.



Treskipa langhus, to midtrekker med takberande stolper og to ytre rekker med veggberande stolper. Dreneringsgrøft på venstre side. Kring 20 meter langt og 4,6 meter breitt. Avdekka ved maskinell flateavdekking på Kvalsund, Teige, gbnr. 5/14 og 16. Foto: F. Andrea © 2022 Universitetsmuseet i Bergen.



Våpenfunn frå merovingertid i ein gravhaug på Runde, gnr. 9/1. Haugen låg på ei flate, kring 100 meter frå sjøen, gravhaugen var fjerna før 1900. Bilete øvst: sverd, til venstre: øks, til høgre: to spydspissar, B5497. © 2022 Universitetsmuseet i Bergen.

Mellomalder (1030– 1537)

Med mellomalderen forsvinn dei heidenske gravrituala som ein viktig arkeologisk kjeldekategori. Mellomalderen utanfor mellomalderbyane og kyrkjestadane er dårleg kjend gjennom arkeologiske kjelder. Gardsanlegg frå både yngre jernalder og mellomalder er lite kjent, truleg fordi ein har hatt kontinuitet i tun frå yngre jernalder gjennom mellomalder og inn i nyare tid. Dette vil seie at husa og tuna frå

vikingtid og mellomalder ligg i tunet til den historiske garden, og er slik ofte øydelagde.

Reformasjonen vart innført i Noreg i 1536/1537 og med den reknar ein at «historisk tid» byrjar. Frå då har ein (eit breiare) skriftleg kjeldemateriale som hjelpemiddel til å forstå utvikinga som fann stad. Objekt eldre enn 1537 er automatisk freda. For ståande bygg er denne grensa 1650.



Frå utgraving av gravrøys på Frøystad, Per
Fett, f.k. nr. 1, på gnr 20/5 i 1977. Foto: Lars
Stenvik © 2022 Universitetsmuseet i Bergen

Fiskarbonden

Fiskarbonden har gjennom mange hundre år vore kjernen i kystkulturen. Sjølv om nemninga syner til ein person, var fiskarbonden heller eit ektepar, der mannen var fiskar og kona var bonden. Desse to danna stamma i eit hushald som omfatta dei aller fleste i kystnære strok. Det sesongvise fisket høvde godt til jordbruket sin syklus. Vår, sommar og haust var for gardsbruket, vinteren var fisketid – då kom torsken og, stort sett, silda på sine sesongvise vandringar. Mennene var ofte vekke i fleire veker av gongen på vinterfiske, då var kvinna heime aleine med ansvar for barn og dyr.

Bonden

Fram til midten/slutten av 1800-talet var jordbruket organisert etter teigblandingsprinsippet. For å møte aukande folketal vart gardane delt opp i fleire bruk og tanken var at alle skulle få litt av den gode jorda og litt av den dårlege. For å spare den beste jorda til åker og eng, vart husa til dei ulike bruka ofte plassert tett i tett, i såkalla klyngjetun, i utkanten av bøen. Kvart bruk hadde fleire små, spesi-

serte hus, eitt til kvar funksjon, delt i dei to kategoriane inn- og uthus. Det vanlegaste våningshuset fram mot midten av 1800-talet var sperrestova; ei modernisert utgåve av røykstova, med glas, omn og skorstein. Kring 1860/70 vart det vanlegare å byggje større hus med to stover og gang i mellom, og gjerne loft over og kjellar under. Dette vert kalla leinstover eller midtgangshus. Somme stover hadde også utbygd ark i taket.

Til innhusa høyrde våningshus og stabbur, sengjebud og kanskje eit eldhus. Storfe, sau og geit stod i fjøs, hesten i stall, som regel var desse husa i lafta tømmerkasse. Vinterfôr og korn vart oppbevart i grindbygde løer, med god lufting. Poteta gjorde sitt inntog på 1800-talet og ho stilte krav til lagring. Poteta skulle ha det mørkt, kaldt, fuktig og frostfritt – såleis vart det bygd ei rekkje jord- og potetkjellarar.

Tre var det rådande byggjemateriale. Stein vart hovudsakleg nytta til kjellarar og støttemurar. Sidan ytre strok er fattig på tre, utvikla det seg

Røykstova på Nesgjerdet, gnr. 47/5, kulturminne ID 338372-0. Stova vart flytta hit kring 1872 og vart heimen til ein husmann og familien hans. Ekteparet som flytta stova hit, Jakob og Ragnhild, budde her heile livet. Dei fekk ti born, men berre sju av dei vaks opp. Lokal verdi.



seg ein tradisjon med kjøp og flytting av bygningar frå indre strok, der dei hadde betre tilgang på skog. Ein annan måte å "spare" tømmer på, var å nytte båtsidene frå utslitne båtar til kledning. Denne skikken har også ført til at kunnskap om byggjemåtar for båtar, som elles ville gått tapt, har blitt bevart.

Vasskverna var ei svært viktig innretning på gardane. Kva tid vasskverna vart vanleg på bygdene, veit ein ikkje sikkert. Truleg var handkverna vanleg her, lenge etter at vasskverna vart teken i bruk for første gong på 1100-talet. I 1661 er det nemnd kverner på berre tre gardar i Herøy (Landkommisjonens jordebok). I skifte frå 1700-talet er talet auka. Det å ha tilgang til kvern hadde mykje å seie og alle tenkelege, og utenkelege, bekkar og elvesig vart nytta. I 1786 var det 66 kverner fordelt på 36 gardar. Ei vidare utnytting av vasskrafta var tresking av korn og stamping av vadmél.

Alt på 1700-talet vart det frå øvre hald jobba for å forbetre jordbruket. I 1773 vart "Syndmøre practiske Landhuusholdningsselskap" skipa, som det første landbruksselskapet i Noreg.

Presten Hans Strøm var med å skippe selskapet og tre framskotne menn frå Herøy var også med: sokneprest Arnt Haar og handelsmennene Sivert Olsen og Christoffer Rønneberg. Dei jobba for fremje betre driftsmåtar, mellom anna gjødsling og grøfting.

Hans Straum oppmoda også bøndene til å la plassmenn rydde seg ein plass og det vart vedteke at rydningsmenn skulle vere fritekne for skatt dei første åra. Bøndene var likevel motvillige og i 1762 var det berre tolv plassar i Herøy. Utover 1800-talet endra dette seg, og fleire husmannsplassar med jord vart tekne opp. Rettar og plikter vart avtalt og plass-setlar vart skrivne. Bonden sikra seg arbeidskraft og inntekt, og den eigedomslause fekk tilgang til jord og hus. I 1835 hadde talet på husmannsplassar auka til 84. Husmenn eller plassmenn, var ikkje ei einsarta sosial gruppe og skilnaden mellom jordeigar og husmann var mindre her ute ved kysten enn i dei store jordbruksbygdene i innlandet. Det kunne likevel ofte vere tronge kår. Mot slutten av 1800 talet avtok ordninga – det opna seg andre måtar å livnære seg på, og inntog av maskiner i jordbruket frigjorde arbeidskraft.

Vikane, Bergsøya, gardstun med godt bevarte og autentiske bygningar frå kring midten av 1800- talet og framover. Våningshus, løe, stabbur, grisefjøs og fjøs. Ein får inntrykk av strukturane til dei gamle klyngjetuna med dei mange og små bygningane med ulike funksjonar. Mykje av interiøret er inntakt. Foto: Aud Farstad (henta frå www.digitaltmuseum.no). Foreløpig utan kulturminne ID, regional verdi.



Leinestøylen, gnr. 26/7. Komplette gardstun der alle bygningane har opphavleg form og skala. Våningshus, stabbur og løde er alle bygde kring 1850. Tunet, saman med kringliggjande atteleger, er ei sjeldan god, fysisk forteljing om vekselbruka slik dei var i tida kring 1850. Kulturminne ID 22181-1, regional verdi.



Nede til venstre: stabbur på Teigane, gnr. 8/7. Eine langveggen er kledd med båtboard frå gammal båt, kulturminne ID 338375-0, lokal verdi. Til høgre: jordkjellar på Vålnes, gnr. 87/1, kulturminne ID 338379-0, lokal verdi.



Kvernhus i Djupvik, Sjugarden gnr. 44/1. Truleg bygd kring århundreskiftet, vart også nytta til tresking av korn. Både kvernkall og kverna er intakte. Kulturminne ID 338378-0, lokal verdi.



Kvernhus i Goksøyra, SEFRAK ID 1515-0004-038 og kulturminne ID 338377-0

Det store hamskiftet

Teigblandinga var til hinder for modernisering av jordbruket. På nokre bruk var åkerlappane så små at ein ikkje kunne nytte moderne reiskap. Det vart derfor jobba med jordreformer og mellom 1860 og 1890 vart dei fleste gardane utskifte. Dette endra landskapsbiletet i bygdene. Dei spreidde jordteigane vart no samla i meir rasjonelle einingar, klyngjetunet vart oppløyst og det vart etablert nye tustader. Byggeskikken endra seg, i staden for mange små spesialiserte hus vart det no bygd færre, men større hus som romma ulike funksjonar. "Den raude låven" eller "einheitslåven", vart eit vanleg syn på gardane. Den nye driftsbygningen samla alle dyra under eitt tak og hadde god plass til avlingar med høy og rom for tresking av korn. Endringane la til rette for effektivisering og modernisering og fall saman med andre samfunnsendringar, som byrjande industrialisering og overgang frå sjølvberging til pengehushald. Jordbruksvarer vart handelsvarer og bonden kunne selje av overskotet sitt. Maskinene gjorde sitt inntog; som hestereiskap i jern, rive, slåmaskin og treskemaskin. Dette letta arbeidet, auka avlingane og frigjorde arbeidskraft. Denne omlegginga i jordbruket vert kalla "det store hamskiftet".

Det store hamskiftet fall saman med "sveitserstil"-perioden og våningshus som vart bygde i denne perioden er ofte inspirert av stilarten. Det var heller ikkje uvanleg å ta med seg den gamle stova frå klyngjetunet og, i somme høve, utvide ho.

Utmark

Bonden utnytta alle ressursar han kunne. Utmarka var verdifull; i myrane skar han torv til brensel og ved torvmarkene stod torvskjåene til mellombels lagring av torva. Utmarka vart nytta som beite, men ein hadde også utslåttar, der ein sikra seg ekstra vinterfôr. I utmarkene og ved utslåttane hadde ein vår- eller sommarfjøsar og utlør til mellombels lagring av vin-



Slipestein på Leinestøylen.

terfôr. Fleire stader i kommunen ser ein vakre steingardar – i byte mellom gard og bruk og i grensa mellom inn- og utmark. Stein vart også nytta til kvier og innhegningar, særleg kjend er sauekvia opp under Blåfjellet på Moltu, nytta til ut i 1920-1930 åra. Denne er nyleg restaurert (kulturminne ID 338407-0, lokal verdi).

Fiskaren

I tillegg til heimefiske, dreiv bøndene med vinterfiske etter torsk og sild. Torskefisket gjekk føre seg i februar og mars. Herøyværingane var ikkje sjølvhjelpne med mannskap og mange var avhengige av "fjordkarar" som arbeidskraft. Frå langt tilbake har fjordfolket søkt ut i øyene på vinterfiske, anten med eigne båtar og båtlag, eller som rorskarar hos fiskarbøndene. Båtлага bygde eller leigde seg rorbuer, «fjordemannsstover» dei budde i, mens rorskarane gjerne var innlosjerte hos båteigaren. Fiskarane samla seg på gode stader, strategisk plassert i høve til gode fiskeplassar og det danna seg fiskevær på fleire stader. Fram til slutten av 1800-talet var fiskebåtane opne og ein sigla eller rodde. Det var eit farefullt yrke og

historiene om tragiske forlis er mange. Arbeidet vart noko lettare då dekksbåtar vart tatt i bruk. Fiskarane fekk ly under dekk nattestid og dei slapp å ause og pumpe. Kring 1905 kom dei første fiskebåtane med motor. Saman med dekksbåtane, var dette teknologiske framsteg som var med å endre næringa mot å bli meir spesialisert.

Sjøbruket var frå tidleg av i større grad enn jordbruket, knytt til byte- og pengeøkonomi. Sentrale ingrediensar måtte kjøpast som båten, tråd og tauverk. Fisk, torsk, laks, sild og hummar var også gode bytevarer og kunne lettare omsetjast i reine pengar.

For fiskarbonden var sjølvsgt sjøhusa viktige, og frå gammalt av var her to kategoriar: naust

og sjøbu. Nausta var av ulik storleik alt etter kor stor båten var og fekk gjerne namn etter båttypen; færingsnaust, storebåtnaust eller tendringsnaust. Nausta var anten lafta eller stavverk, men oftast stavverk og gjerne med ein eller fleire veggjar av stein. Sjøbua var også ofte stavverk, men kunne også vere lafta. Her oppbevarte dei alt som høyrde fiske- og sjøbruk til. I kjølevatnet av rikt fiske, vart det etterkvart bygd sjøbuer for mottak av fisk, salting og handel.

Ofte låg sjøhusa samla i ei rekkje der tilhøva for lending var gode og hamna elles lun og god. Her er det ofte eit vidare kulturmiljø med fleire hus, strandlinje og gjerne andre anlegg som vorrar, støer, kaiar, moloar, slippar, trapper og fortøyingsfeste.

Naustrekkja i Kvalsvik, kulturminne ID 338373-0, lokal verdi.





To av nausta i naustrekkeja i Goksøyra, kulturminne ID 338381-0. Det fremste er SEFRAK ID nr. 1515-0004-058, midtre del av veggen er kledd med båtbord frå gammal båt. Lokal verdi.



Lisjebuda, SEFRAK ID nr. 1515-0004-056, del av naustrekkeja i Goksøyra, kulturminne ID 338381-0. Sjøbu med lafta midtdel. Ho har vore nytta som husmannsplass og sengebud i periodar. Det er ukjent kor gammal bygningen er, men i utskiftings-papir frå 1850 vert nausta omtalt som dei "gamle nausta". Lokal verdi.

Kyrkjer og kristenliv

Kyrkjene

Vikingane vart introdusert for kristendomen gjennom reisene sine i Vesterled og etter tradisjonen slutta sunnmøringane seg til den nye trua i 996, då dei på Dragseidtinget på Stadt let seg kristne. Kristendomen førte med seg eit nytt syn på mennesket, og i både lovar og lovpraksis vart mennesket høgare verdsett. Kyrkja kom til å bli svært viktig i samfunnet – ho samla folk til gudsteneste gjennom året og forvalta dei store hendingane i livet gjennom dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd.

Den første kyrkja ein kjenner til i kommunen, er den gamle steinkyrkja på Herøya, reist på 1100-talet. Ho var ei av minst sju steinkyrkjer som vart reist på Sunnmøre i mellomalderen. Alle vart reiste på kysten, til dels tett ved kystleia. Dette tyder på at det var her ute den økonomiske velstanden var størst, for det var dyrt og arbeidskrevjande å reise ei kyrkje i stein. Les meir om steinkyrkja på Herøya på side 54 og 55.

Etter reformasjonen vart Sunnmøre eit prosti,

som igjen var delt inn i fire prestegjeld, Herøy, Volda, Borgund og Ørskog. Herøy prestegjeld hadde fem kyrkjer, i tillegg til Herøy kyrkje, var det kyrkje også i Ulstein, Hareid, Sande og Rovde. Prestegjelda var store og det var lang veg til kyrkje for mange. Frå 1700-talet og utover vart fleire av dei store prestegjelda delte i fleire og mindre. I 1747 vart Ulstein og Hareid skilt ut som eige prestegjeld. Sande følgde etter i 1866, og Rovde kyrkje vart under Sande prestegjeld.

I 1851 kom det lov om at alle kyrkjer i landet skulle vere store nok til å huse 1/3 av folket som sokna til kyrkja. Dette førte til at mange av dei gamle kyrkjene vart rivne og erstatta med nye og større bygningar. I samband med nybygginga vart det også ofte diskusjonar kring plasseringa. Nokre stader vart gamle sokn delte og det vart oppretta nye sokn der det ikkje hadde vore kyrkjer før. Mellom 1854 og 1934 vart det reist 30 nye kyrkjer på Sunnmøre, elleve av desse var nye sokn der det ikkje hadde vore kyrkje før.

Leikanger kyrkje, kulturminne ID 84923-1, døra til våpenhuset er truleg frå den gamle stavkyrkja. Den enkle utforminga og det rike smijernshandtaket tyder på ei datering til 1600-talet. Regional verdi.



Også i Herøy var den gamle steinkyrkja for lita til å stette dei nye krava. Først kom det planar om å utvide henne med eit tilbygg på nordre og søre side og gjere henne til ei korskyrkje. Det var knapt med grunn å byggje på og i 1859 vart det bestemt at den gamle kyrkja skulle rivast. Ei ny kyrkje vart bygd eit steinkast nordvest for den gamle kyrkja. Denne kyrkja vart bygd i tre, og stein frå den gamle kyrkja vart nytta i grunnmuren.

Heilt sidan midten av 1800-talet hadde det vore ytra ynskje om å flytte kyrkja frå Herøya til ein meir sentral stad i kommunen. Mange hadde lang reiseveg og dessutan var kyrkjegarden dårleg. Det kunne vere vanskeleg å dekke kistene med nok jord og særleg på varme dagar var likstanken plagsam. I lang tid var det regel at folk måtte føre to båtlastar med jord for kvar kiste. I 1913 vart det vedteke å flytte 1859-kyrkja på Herøya til Vågsskaret, samt å reise ei ny kyrkje på Indre Herøy. Den 25. juni 1916 var siste gudsteneste på Herøya.

Material frå den gamle trekyrkja på Herøya vart nytta i den nye kyrkja i Vågsskaret. Ho vart bygd langt større og hadde korte korsarmar, og fire par søyler som bar taket. Den nye kyrkja vart teken i bruk i 1918. Inventar frå den gamle kyrkja vart med, mellom anna døypefatet frå 1572, altertavla frå 1665 og fire minnetavler frå 1770-åra. 2. juledag 1998 brann Herøy kyrkje ned til grunnen og berre nokre få delar av det mest verdifulle inventaret vart redda. Ei ny kyrkje vart sett opp og vigsla 16.02.2003. Kjennermerket til den nye kyrkja er det høge klokkeårnet som er synleg på lang avstand. Ho er bygd i modernistisk stil og har 700 sitjeplassar. Arkitekt: Madsø-Lund-Sveen.

På Indre Herøy vart det sett opp kyrkje i Stokksund, på ei tomt skilt ut frå prestegarden. Indre Herøy kyrkje stod ferdig, og vart vigsla, 18. august i 1916. Kyrkja er ei langkyrkje, oppført i tre, med 375 sitjeplassar. Koret er uvanleg høg-reist og skapar eit monumentalt inntrykk. Arkitekt: O. Havnes.

Grunnmuren til den gamle trekyrkja, bygd i 1859, på Herøyholmen. Kulturminne ID 84565-2.



For folket i Leikanger og Eiksundbygda, som opphavleg var ein del av Rovde sokn, var det ein lang og strevsam veg til kyrkje. Både lensmannen og doktoren i Herøy budde på Leikong, og særleg dr. Sophus Høegh jobba i 1860-åra for deling av Rovde sokn og reising av kyrkje i Leikangerbygda. I 1873 vart Leikanger anneksokn oppretta og i 1889 vart soknet overført frå Sande til Herøy.

Då den gamle kyrkja på Sjøholt i Ørsta skulle seljast til nedringing i 1871, nytta bygdefolket i Leikanger høvet. Dei kjøpte kyrkja og Leikongkarane reiste inn til Sjøholt i fiskebåtar og henta henne til Leikanger. Preikestolen frå 1642 vart med kyrkja til Leikanger, mens den originale altertavla frå same århundre vart sendt til Bergen Museum. Etter ei tid ga Gerhard Voldnes ein kopi til kyrkja, denne vart vigsla i 1948. Kyrkja vart reist i Ørsta i 1806, ho har åtte-kantaplan og har 380 sitjeplassar.

Gravlunder

Det er to kyrkjegardar i Herøy kommune, kyrkjegarden ved Leikanger kyrkje og mellomalderkyrkjegarden på Herøyholmen. I tillegg er det seks gravlunder: Flusund, Kvalsund, Remøy, Runde, Tjørvgåg og Moltu. På Moltu var

her kyrkjegard i gammal tid, truleg på flata ovenfor Moltusanden. Presten Hans Strøm nemner denne i "Sunmørs beskrivelse" i 1760-åra. Truleg var kyrkjegarden synleg på denne tida, men ikkje i bruk. Moltu gravplass fekk kongeleg løyve og vart teken i bruk i 1825. Eldste delen av gravplassen er familiegravstad til Wiig-folket og vart grunnlagt i 1792, men vart ikkje teken i bruk før i 1828. Moltu gravplass er på lista over kulturminne av lokal verdi, kulturminne ID 338848-0.

Prestegard

Alt frå mellomalderen vart prestegardane tilagt geistlege stillingar, dels i tillegg til, og dels i staden for, løn. Frå først av var prestegarden på Herøy, like ved den gamle kyrkjegarden. Hovudhuset som står der i dag, var bygd som prestebustad i 1752. Det var likevel sjeldan prestane budde her og i 1761 vart prestegarden lagt til Stokksund gjennom eit makebyte. Prestegarden ligg i eit skogrikt lende og er ein idyllisk stad. Hovudbygningen er bygd i 1823, men påbygd og i 1882 fekk han den forma han har i dag. Det er restar etter hage og parkanlegg og den gamle steinvoren er bevart ved stranda. Både prestegarden og steinvorren er vedtaksfreda.

Leikanger kyrkje, kulturminne ID 84923-0, regional verdi.





Herøy gamle prestegard, Raftenes, kulturminne ID 87253, nasjonal verdi.



Over: Herøy kyrkje, kulturminne ID 84923, regional verdi.

Under: Herøy kyrkje. Altertavla med sidedører er laga av Per Odd Årrestad. Han har også laga det fritt hengande korset som heng over alteret.



Bedehus

Den kristelege lekmannsrørsla vaks fram på 1800-talet og etter at konventikkelplakaten vart oppheva i 1842, vart det fritt fram til å organisere seg og til å forkynne. Misjonsarbeidet blomstra som eit resultat av dette. Lekpredikantar og emissærar reiste frå stad til stad og fortalde om Guds ord. Først hadde ein møter i private hus eller i skulehus, men etterkvart vart det reist eigne hus, bedehus. Husa var ofte enkle, med ein eller to salar til å samle folk i, kjøkken, og somme tider også eit galleri. Ute vart det bygd utedo eit stykke unna.

Kring 1890 var det ei stor vekking i Herøy og som følgje av dette vart det første bedehuset reist ved Nærøvalen. Bedehuset vart samlingsstad for kristenlivet for Leine, Bø og Frøystad krins og var det første forsamlingshuset i kommunen, utanom kyrkjene. Tanken om bedehus i Fosnavåg kom opp på same tida, det var mange fiskarar som kom utanbysfrå og dei også hadde behov for å samlast om Guds ord. Kyrkja var langt unna. I 1891 vart Fosnavåg bedehus vigsla. Vidare fram til 1970-talet vart det bygd 14 bedehus i kommunen.



Over: Runde bedehus stod ferdig til jul i 1920 og vart vigsla 22. mai 1921. I 1951 kom det eit tilbygg til huset, som igjen vart utvida i 1975-76. I 1959 fekk bygningen kjellar, som vart innreia med kjøkken og matsal. Kulturminne ID 227019, regional verdi.

Under: Remøy bedehus, bygd i 1925 og vigsla 25. oktober same året. I 1959 vart huset bygd på for å gje plass til garderober og toalett. Kulturminne ID 338397-0, lokal verdi.





Indre Herøy kyrkje,
kulturminne ID 84717-1, regional verdi

Skular, lag og organisasjonar

Skulen

I 1739 vart det innført obligatorisk skule i Noreg for første gong. Denne viste til skuleplikt frå 7-års alder for alle som «kand søge Skole» og minst til dei var 10–12 år gamle. Det viktigaste faget var kristendom, men det vart også undervist i lesing, skriving og rekning. Denne skulen var helst ei opplæring i kristen tru og ei førebuing til konfirmasjonen som vart innført som obligatorisk tre år tidlegare. Det var få faste skulebygg og det var vanleg med omgangsskule. Det vil seie at læraren haldt skule i heimane etter tur. Det var presten si oppgåve å skaffe lærarar, som ofte var klokkaren.

Tilhøva for undervising var ikkje ideelle i dei små stovene rundt om på bygdene og det vart etterkvart også klart at innhaldet i skulen trengde ei fornying. I 1860 kom fastskulelova som slo fast at kvart herad skulle delast inn i krinsar og det skulle byggjast, eller leige, eit eige hus til undervisinga. Innhaldet i skulen vart fornya og den nye skulen ga heilt nye moglegheiter i høve til folkeopplysing og sosial mobilitet. Det første skulehuset som vart bygd i Herøy etter innføringa av fastskulelova,

vart bygd i Voldsund i 1864. Ved inngangen til 1900-talet stod det tolv skulehus kringom i bygdene. Den siste krinsen som fekk eige skulehus var Bø, skulehuset der stod ferdig i 1913 og vart vigsla av sokneprest Christensen. Frå øvre hald vart det utarbeida forslag til standardiserte skulehus, der det vart lagt vekt på mellom anna lys og hygieniske forhold. Husa var enkle, oftast eit klasserom, gang og eit lærarrom, karakteristiske med store, tett samanstilte vindauge. Slik vart det oppført ei rekkje nye, og karakteristiske, små, kvite skulehus over heile landet frå 1860-åra og utover.

Etter kvart vart desse førstegenerasjon skulane for små, og det vart reist nye og større bygningar med fleire rom som husa fleire elevar. Ofte ser ein likevel at bygdefolket har tatt vare på den gamle skulen og at den enno spelar ei viktig rolle i mange grender.

Organisasjonsliv

Mot slutten av 1800-talet stod lekmanns- og misjonsrørsla sterkt, men det vaks også fram andre lag og foreiningar på denne tida. Det var vakningstider sosialt og kulturelt, nasjonalt

Koparstad skule, Nerlandsøy. Planane om å byggje skulehus i Koparstad krins vart arbeidd med lenge, i 1884 vart planane endeleg realisert. Skulen hadde kjellar med sløydrom. Kulturminne ID 226733-1, regional verdi.



og politisk. På våre kantar kom fråhaldsrørsla og målrørsla til å stå sterkt, det vart oppretta fleire både frilynte og kristelege ungdomslag, samt idretts-, song-, og musikklag. Først vart skulen nytta som samlingsstad, men etterkvart vart det klart at grendene trong særskilde forsamlingshus. Det var tronge tider, men likevel vart det reist fleire slike hus på byrjinga av 1900-talet.

På side 38 er det bilete av losjehuset i Myrvåg. Huset vart først sett opp i Fosnavåg i 1904/05

av losje Bergsøy. Losje Bergsøy høyrde til IOGT, ein verdsomspennande organisasjon som arbeider for edruskap, fred og samarbeid mellom folk i heile verda. Det kristne livssynet var grunnlaget i arbeidet, men Bergsøylosjen hadde ein noko friare tone, med folkeviseleik og skodespel. Frå 1960 stilna aktiviteten og losjehuset vart ståande og forfalle. På slutten av 1990-talet vart så huset flytta til Myrvåg, vart pussa opp og fekk påbygd garderobe og toalett. Såleis fekk bygningen nytt liv (kulturminne ID 226814, regional verdi).



Over: Bergsøy skule, stod ferdig i 1957, grunna storleik og utsjånad kalla "Borga". Kulturminne ID 338382-0, lokal verdi.

Under: Losjehuset i Leikanger. Den første losjen i Herøy, "Framtidsvon" vart oppretta i Leikanger i 1894. I 1911 stod losjehuset ferdig. Kulturminne ID 226958-1, regional verdi.



Skulen på Flåvær. Skulebygget vart flytta og sett opp på Skuleholmen i 1929. Skulen vart nedlagt i 1961, men 20 år seinare starta skulen opp att med ein elev. I 1984 var skulen nedlagd for godt. Kulturminne ID 227072-1, regional verdi. Foto: Frode Pilskog.



Losjehuset i Myrvåg, kulturminne ID 226814-1, regional verdi.



Samferdsel, handel og næring

Sjøverts samferdsel

Herøy er eit øyrike og ligg i grensa mot storhavet. I dag er dei større øyene knytt saman med bruer og ein kan køyre frå øy til øy. Tidlegare var det båten ein nytta når ein skulle til kyrkje, på handel eller hadde andre ærend utanfor grenda.

Sjølv om den indre leia var langt tryggare enn storhavet, kunne også den vere farleg med tronge sund, grunner og straumar. Alt frå vikingtid kjenner ein til at det vart brukt losar, ein navigatør med inngåande kjennskap til leia. Bruk av losar vart vanlegare utover 1200-talet og i mellomalderen fanst det yrkeslosar og losverksemda var til dels lovregulert.

I 1720 vart ei fast offentleg losordning skipa og i 1730 kom det krav om opplæring for å tilby lostenester. I Herøy vart elleve losar utnemnde. Losane var pliktige å tilby teneste, men måtte halde seg til sitt distrikt. Innanfor eit distrikt var det open konkurranse mellom losane. Den

losen som kom først ut til eit skip hadde rett til å utføre tenesta. Dette førte til hard tevling, losane låg oppe i fjellet og speida etter skip med langkikkert. Såg dei eit skip, sprang dei snarast råd til gards, fekk med seg losdrenge eller andre, og rodde eller sigla som fort som råd for å kome først til båten. Det var eit farefullt yrke, mange tok sjansar for å kome først og sikre seg oppdrag. Også heimturen for både losdrenge og losanse sjølv, kunne vere farefulle. Losbåtane var opne til kring 1860 og like etter århundreskiftet fekk losbåtane på Runde innsett motor. I tida kring den 1. verdskrigen vart det etablert felles losstasjon på Runde og tevlinga om å tilby lostenester minka. Runde losstasjon var i drift til 1996.

I tillegg til lostenestene var merking av leia viktig for å gjere sjøvegen tryggare. Fyrlys vart tent for fyrste gong på Lindesnes i 1655. Runde var ein frykta stad langs leia, og som det fjerde eller femte i rekkja, vart Runde fyr oppretta i 1767. Runde fyr har ei lang historie med mange utviklingstrinn. Det første fyret

Runde fyrstasjon. Kulturminne ID 87254, nasjonal verdi.
Foto: Chell Hill.



var eit blussfyr – eit bål, eller eld med lysande loge. Dette var plassert på Tua, i lia over noverande stasjon. I 1815 vart fyret med vaktstove og kolhus flytta ned på Kvalneset, der det har stått sidan. I 1825–26 vart fyret bygd om av arbeidarar frå Volda, der mange tok seg arbeid i fyr- og merkestellet og reiste langs heile Norskekysten i statens teneste. Det nye fyret var eit kolfyr med lukka bluss, på toppen av eit steintårn, tolv alner langt, bygd av hogd stein. Eit nytt fyr, eit høgt støypejernstårn, vart bygd kring 1858. I 1935 vart kolblussfyret sprengt vekk, slik at noverande betongtårn kunne byggast på same stad. Lykta vart flytta over til betongtårnet og nedste del av støypejernstårnet vart bevart. I dag er stasjonen vedtaksfreda av Riksantikvaren, saman med bustadhus, uthus og området rundt (kulturminne ID 87254).

I 1841 vart Fyrdirektoratet oppretta og over hundre fyr vart bygde langs norskekysten i siste halvdel av 1800-talet. I 1870 vart Flåvær fyrstasjon etablert og fyret, som var plassert i toppen av fyrbustaden, vart tent. Noko seinare, i 1905, vart fyret på Svinøy fyrstasjon tent.

Bygginga av fyr gjorde det mogleg å ferdast langs kysten, også om natta, heile året. Mot slutten av 1800-talet vart det også sett opp

fleire fyrlykter eller «fiskefyr», det første i Herøy vart sett opp på Grønholmen i 1885.

Hamner og tilflot var også ein viktig del av den maritime infrastrukturen. Lenge var den einaste offentlege bryggja vorren på Leikanger, som vart bygd fordi Leikanger var postopnarstad og skysstasjon. I 1872 kom det framlegg om å flytte tiendeavgifta av fiskevarer over til eit fond for hamnearbeid og oppsetjing av sjømerke. Året etter vart det bygd landingsvorr ved kyrkja, på nordsida av Herøy. Det vart vidare sett opp fleire fortøyingboltar og Hamnedirektøren sette opp ei liste over hamnearbeid og oppreinskingsarbeid som stod føre. Etter 2.verdskrig skaut arbeidet med tilflot og hamner verkeleg fart.

Det første dampskipet som gjekk i rute langs kysten var statens postskip, hjulbåten «Nordcap», den første ruteturen gjekk i april 1841. Kystruta hadde stopp både ved Herøy og ved Larsnes. I 1860-åra vart desse stoppestadane strokne av ruta og private selskap tok etter kvart over kystrutefarten. Det vart oppretta dampskipsruter som knytte distriktet til Bergen og Trondheim. Dette revolusjonerte samferdsla og knytte landet saman på ein heilt annan måte enn tidlegare.

Loshytte på Runde. Kulturminne ID 227086-1, regional verdi.



Akerendam og Rundeskatten

På 1600- og 1700-talet var Nederland ein av dei leiande nasjonane innan handel, sjøfart, bank- og militærvesen. Det nedelandske Ostindiakompani var eit nederlandsk handelsselskap med handelsstasjonar i nærast alle større hamner og handelssenter i Asia. Kompaniet hadde den største flåten i verda og skipa som forlet Nederland på handelsreiser til det fjerne austen, kunne ha enorme rikdomar om bord for å handle luksusvarer som krydder, bomull og fine stoff.

I januar 1725 forlot handelsskipet Akerendam, saman med to søsterskip, øya Texel i Nederland med kurs for Batavia (Jakarta) i Indonesia. På veg over Atlanterhavet kom dei ut for ein storm, Akerendam kom ut av kurs og mista kontakten med dei to andre skipa.

Skipet forliste utanfor Runde natt til 8. mars og alle dei 200 om bord omkom. Det var ingen vitne til ulykka, men om morgonen fann innbyggjarane vrakrestar i fjæra. Forliset vart raskt meldt inn og det vart organisert bergingsarbeid. Noko av verdiane om bord vart berga, mellom anna fem kister med gull og sølv, samt store mengder med messing, kopar og jern. Berginga fortsette utover hausten, og folk på Runde fortsette å finne myntar i bergsprekker og i fjæra i lang tid etter. Etter kvart vart forliset gløymt, og myntfunna vart knytte til ei segn om eit skip frå den spanske armada som sokk utanfor Runde på 1500-talet.

Tidleg på 1960-talet oppdaga historikaren Ivar Myklebust sjøforklaringa etter forliset og gjorde historia om Akerendam kjent. I 1972 fant tre sportsdykkarar restane av Akerendam på mellom 10 og 18 meters djupne, der dei fann nærare 57 000 gull- og sølvmyntar! Funnet er eit av dei største skattefunna i Europa og verdien vart anslått til ein stad mellom 30 og 40 millionar norske kroner. Delar av skatten er utstilt på Runde miljøsenter, saman med kanonkule, klede, porselen og mange andre gjenstandar frå Akerendam. Skipsvraket er automatisk freda, kulturminne ID 158756.

Delar av Rundeskatten, Foto: C. Hill (2012).





Vorr og naustrekke på Leikong,
kulturminne ID 227107-1, regional verdi

Vegar og vegbygging

Vegnettet var lenge dårleg utbygd, og med unnatak av nokre få ridevegar var grendene knytt saman av enkle stiar og tråkk. På 1800-talet skaut vegbygginga fart her i landet og nye og betre veglover sette ein felles standard for vegar og bruer.

I 1828 vart det vedteke at det skulle byggjast veg mellom Leikanger og Larsnes, vegen vart rode- og stykkedelt i juni 1839, og klassifisert som hovudveg. Hausten 1865 vart det fremja forslag om å opparbeide veg frå Leikanger til Botn. Då hadde det lenge vore ynskje om å binde vegen Larsnes–Leikanger i hop med vegen på Hareidlandet. Som ein del av denne vegen vart det bygd heisebru over Dragsundstraumen (1875). Brua vart heisa opp om natta slik at båttrafikken kunne gå uforstyrra. Ved brua vart det sett opp ei bruvaktarhytte, denne står framleis og er ei få slike hytter som er att. Dragsundbrua var den første av dei større bruene i Herøy og staten tok $\frac{3}{4}$ av kostnaden. I 1901 kom det bru over Stridestraumen, også her var det fast bruvaktar.

På slutten av 1800-talet losna det med vegbygging. Folk tok til å sjå at grender og bygder måtte knytast i hop landevegs. Ikkje minst trong ungane skikkeleg skuleveg med bruer for å krysse farlege elvar. I 1870-åra vart det bygd tre bygdevegar: Myrvåg–Raftenes, Bø–Gjertnes og Eggesbønes–Fosnavåg. Vidare utover vart vegnettet ytterlegare utbygd.

Vegane vart delt i roder, der kvart bygdelag hadde ansvar for bygging og vedlikehald av kvar sin rode. Dette kunne vere ei tung bør å bere. Etter kvart som bygdelaga fekk vegsamband, kom det køyretøy til finare bruk, stolkjerrer på sommarføre og spiss-sledar eller skyss-sledar på vinterføre. Sykkelen kom også byrjinga av 1900-talet.

Båtane fortsette likevel å dominere kommunikasjonsbiletet ved kysten heilt fram til 1950-åra, som førte med seg omfattande veg- og brubygging,

Handel

På sentrale stader langs leia, med gode hamner og ankringsplassar, vaks det fram handel og handelsstadar. Fram til andre halvdel av 1800-talet, mått ein ha borgarbrev, i praksis frå Bergen, for å starte med handel. Næringa var såleis sterkt regulert.

Ein av stadane det vaks fram handel tidleg var Flåvær, eit gammalt fiskevær som ligg ved innseglinga av Herøyfjorden. Ein kjenner til at det har vore handel- og gjestgjevarstad her sidan midten av 1600-talet. Flåvær var også fiskevær og tilhaldsstad for mange fiskarar frå dei indre bygdene i vintertorskefisket. Fiskekjøparar kom med jektene sine og låg på hamna og salta sild. I slike tider var her mykje folk, både på sjøen og på land.

Som ein del av skiftet i siste halvdel av 1800-talet, kom bortfallet av den gamle

Dragsund, bruvakterhytte. Kulturminne ID 226936-1, regional verdi.



reguleringa av handelen på bygdene. Ei ny lov i 1866 slo fast at vaksne og ustraffa personar kunne slå seg ned som handelsmenn kvar dei ville, mot å løyse handelsbrev hos lensmannen. Fleire kunne starte med handel og i 1906 var det 26 handelsmenn i Herøy, dei heldt til på Skotholmen, Runde, Kvalsvik, Fosnavåg, Flusund, Leine, Eggesbønes, Flåvær, Moltustranda, Torvik, Tjeråg, Kjeldsund og i

Leikanger. Etter kvart som dampbåtane byrja å gå i rute, vaks det gjerne opp eit lite bygdesenter kring dampskipskaia, med landhandlar, bakeri, post/postopneri og telegraf/telefon. Rutebåtane la til rette for auka handel, saman med at samfunnet no i større grad gjekk frå å vere eit naturalhushald, der ein var sjølvhjelpne med dei fleste varer, til eit pengehushald.



Butikkenleget i Flusund. Flusund har ein lang tradisjon som handelsstad, her var også fiskevær og tingstad ein kort periode kring 1700. Kulturminne ID 226788-1, regional verdi.

Næring og industri

Fiskeria har meir enn noko anna lagt grunnlag for næringsliv og utvikling i Herøy, og kommunen er i dag ein av dei leiande fiskerikommunane i landet.

Sjølv om fisket var ein viktig del av næringsgrunnlaget, var herøyværingane lenge først og fremst bønder som dreiv med fiske utanom onnene. Jordbruket vart rekna som hovudnæringa til utover byrjinga av 1900-talet.

Med århundreskiftet kom det nye båtar, med dekk og motor. Dette opna for eit meir utvida fiske, herøyværingane søkte lenger til havs og dreiv fiske på nye felt. Fleire dreiv samanhengande vinterfiske på kysten etter sild og torsk, og sommarfiske på bankane i Nordsjøen og ved Island. På denne tida vart ishavsdrift

introdusert som næring på Sunnmøre, og Tjervåg og Remøy vart kjende som ishavsbygder.

Fiskeriindustrien gjorde mykje ut av seg, det var til dømes fleire røykeri og salteri, ishus og fryseri, tranbrenneri og det vart tørka fisk til klippfisk på berg fleire stader. Under dei store vintersildfiska i 1950-åra, vaks det opp fleire notbøteri.

Større og motoriserte båtar kravde nye former for vedlikehald. Båtane måtte smørjast og det vart bygd, først, enkle slippar, til dette føremålet. I 1904 tok Antoni Remøy til med slippdrift, og han sette opp ei smie. Motorane kravde reparasjonar og det vart oppretta smedverkstadar, som Morten Nerem sin verkstad i Fosnavåg i 1908. I 1913 la han ned slipp og bygde mekanisk verkstad. Der tok han i mot båtar til

reperasjon. I 1920 vart Smedvik mek. Verkstad i Garvika, Tjørnvåg grunnlagt. Dette var starten på to store skipsverft i kommunen; Gerh. Voldnes A/S og Smedvik Mek. Verkstad. Det vart også etablert verksemdar som utførte repara-sjonar og mindre skipsarbeid.

Utnytting av vasskraft til elektrisk straum var viktig for næringslivet, men skapte også ei ny tid for hus og heimar. Det første private kraftverket i Herøy vart bygd på Moltu i 1917, det gav elektrisk lys til hermetikkfabrikken A/S Søndmøre Hermetikkfabrikk, som starta opp same år. I 1926 vart kraftverket i Goksøyrelva sett i drift og i Tjørnvåg bygde Smedvik mek. Verksted eit elektrisitetsverk i Litlefossen i Øyraelva i 1939. Dette ga straum til verkstaden og nokre privathus. I Fosnavåg produserte firmaet Gerh. Voldnes kraft til eige bruk og selde til andre i nærområdet frå slutten av 1940-talet. Sommaren 1951 vart kraftverket Søre Sunnmøre Kraftlag sett i ordinær drift og forsynte heile kommunen med elektrisk kraft.

Firmaet Gerh. Voldnes etablerte sildeolje- og hermetikkfabrikk i 1920- og 30 åra i Fosnavåg. Konsernet var mangfaldig og hadde fleire avdelingar og har vore svært viktig i oppbygginga av det moderne Herøy. I 1923 vart det starta sildeoljefabrikk ved Eggesbønes og i 1950 også på Moltustranda. På 1930-talet vart det starta tarefabrikk på Runde, der vart det produsert laminariastift til medisinsk bruk, nytta særleg ved hjelp av førebuing til fødsel og ved abortinngrep. Produktet vart også eksportert til utlandet.

Næringsaktiviteten har vore mangfaldig og ikkje berre retta mot det maritime. Den eldste fabrikkverksemda i kommunen var Fosnavåg Trevarefabrikk & Høvleri, dei starta opp i 1904 og dreiv med trelasthandel og trevareproduksjon. Her har vore fleire firma i bygnings- og trevarebransjen, møbelproduksjon, konfeksjonsfabrikkar og med bilen sitt inntog vart det behov for bilverkstad og bensinstasjonar.

Smedvik Mekaniske Verksted til høgre i biletet, kulturminne ID 338393-0, lokal verdi. Til venstre er Tjørnvåg spekkeri. Tjørnvåg var tidlegare heimehamn for ei stor flåte selfangstskip og Tjørnvåg selspekkeri er det siste som er att i landet. Ein viktig representant for norsk teknologisk og industriell historie med stor grad av autentisitet. Kulturminne ID 271875-0, lokal verdi.



Frøystad fiskevegn, no Frøystad AS. Kulturminne ID 338394-0, lokal verdi (biletet er henta frå <https://froystad.no/blog/frystad-as---ei-bedrift-i-utvikling>).



Sildelagets fabrikk, Moltustrand 1950. Foto: Knut L. Fylling © FylkesFOTOarkivet/IKA Møre og Romsdal 2021.



Del 3: Utvalde kulturminne



Kvilarhaugane, Runde - nasjonal verdi

Fornminna på Kvilarhaugane har vore kjende lenge. Etter å ha blitt orientert om ei tuft av grunneigar, reiste Per Fett til Runde i 1961. Der registrerte han i tillegg til tufta, også ei gravrøys kring 20 meter aust for denne. Tufta vart målt til å vere 16 meter lang og 10 meter brei og, ut i frå form, antatt å vere frå vikingtid.

Det har vore fleire synfaringar og arkeologiske undersøkingar opp gjennom åra. Den første var i 1972. Under ei mindre graving vart det gjort funn av ein jernnagle, ildflint og fire bukfragment av kleberkar, noko som støtta opp under dateringa til vikingtid. I tillegg vart det registrert to røyser til, og ei mogleg tuft. Ein tenkte derfor at det truleg var eit gardsanlegg frå yngre jernalder ein hadde med å gjere.

I 2016 vart det gjennomført ei sikringsgraving av Universitetsmuseet i Bergen og denne avdekka spennande resultat. Etter avtorving av tufta syntet det seg at den var større og mykje eldre enn først antatt. Tufta på Kvilarhaugane vart nemleg anlagt alt i yngre steinalder, ein gong mellom midten og slutten av det 3. årtusen f. Kr. Dette er i perioden der jordbruket vart innført. Dei første spora etter jordbruk

finn ein helst der det er gode tilhøve for dyrking. Området kring Kvilarhaugen utpeikar seg ikkje i så måte, tvert om ligg tufta strategisk til i høve til marine ressursar, og det er kort veg til fuglefjellet med dei rike og stabile ressursane som kunne haustast der. Funnmaterialet i tufta er også sparsamt, så det er rimeleg å anta ei sesongvis utnytting. Kanskje var tufta på Kvilarhaugane ein jaktstasjon knytt til ein meir regulær jordbruksbusetnad ein annan stad i nærområdet?

Tufta har også vore gjenbrukt i yngre bronsealder og i tidleg, eldre jernalder. Funnmaterialet frå den seinare bruken vitnar stadig om sesongmessig bruk heller enn regulær busetnad.

På lokaliteten finn ein også gravrøysa Per Fett registrerte i 1961. Ei stor flat helle låg like ved og denne er sett opp i etterkant slik at det ser ut som ein bauta sentralt i røysa. Om den opphavelig har høyrte til gravminnet veit ein ikkje, men det er ikkje utenkjeleg.

Etter ferdig utgraving vart fjerna steinmasse lagt tilbake, slik at tufta og andre anlegg er rekonstruert.

Kulturminne ID 45876.

Oversiktsfoto over tuft og røys mot sør. Foto: Morten Ramstad, Universitetsmuseet i Bergen, Fotobasen.



Strandgravfelt, Løsetstranda - nasjonal verdi

Løsetstranda ligg i Flåværlia, nord på Gurskøya. Mot nord har ein utsyn mot Flåvær, Kvalsund og Skorpa.

Ved sjøen ligg gravrøysene samla i eit gravfelt. Gravrøysene er bygd opp av rullestein frå strandvollen mange av dei ligg på, slike gravfelt vert kalla eit strandgravfelt. Store gravfelt ved havet finn ein fleire stader langs kysten, men det er særleg utbreidd på Sunnmøre. Løsetstranda med sine 63 graver, er eit av dei største strandgravfelt i Noreg.

Dei eldste gravrøysene er truleg frå eldre bronsealder. Då spreidde det seg ein ny gravskikk, og store og monumentale gravminne vart reiste på sentrale stader, gjerne langs kystleia. Gravminna vart truleg reiste for å markere politisk- så vel som økonomisk, makt, og truleg også for å markere trygge seglingsruter.

I yngre bronsealder endra gravskikken seg igjen. Kremasjon vart vanleg og urna med brende bein vart plassert under flatmarksgraver og somme tider i dei gamle gravrøysene.

Ei slik sekundær grav vart funne i den øvste røysa nær vegen, ovanfor Løsethamaren. I den eine sida fann ein her eit lite, steinsett kammer med brende bein og kol.

I siste halvdel av eldre jernalder kjem skikken med å byggje gravrøyser attende. Nokre av røysene som vart bygde no, vart reiste ved dei gamle bronsealderrøysene, og slik vart strandgravfeltet på Løsetstranda til. Det er vanskeleg å datere gravrøysene ut frå form, men ofte er gravrøysene frå eldre jernalder lågare enn dei frå bronsealder og variasjon i form er vanlegare.

Den døde vart gravlagt i ei hellekiste og røysa vart bygd kring denne. Sjølv om det tidlegare var ei allmenn oppfatning at ein ikkje skulle røre dei gamle gravene, vart nok freistnaden for stor mange gonger. I enkelte røyser på volen ser ein at sjølve grava er opna og ein kan sjå hellekista den døde vart gravlagt i.

Kulturminne ID 55147 (lokaliteten er skilta).

Gravrøys på Løsetstranda, utsyn mot Skorpa, Skorpesundet og vestre del av Nerlandsøya.





Gravrøys, Løsetstranda

Kvalsundfunna - nasjonal verdi

Ute ved den trefattige kysten vart torv tidlegare nytta som, mellom anna, brensel. Bøndene skar torv i myrene, tørka den og lagra dei i eigne torvløer. Det var under slikt arbeid at Kvalsundfunna kom for dagen.

I juni 1920 var Ragnvald og Olga Kvalsund ute på myra, lengst ute i innmarka, ikkje langt frå sjøen, for å skjære torv. Under dette arbeidet fann dei ei godt bevart åre. Dette var kanskje ikkje så overraskande for dei to, for det hadde vore funne båtrestar i myrane her fleire stader. Denne gongen vart likevel det ansvarlege museet i Bergen varsla om at spant, ror og årer frå ein, eller fleire, båtar var funne. Arkeologen Haakon Shetelig reiste til Kvalsund same dag som meldinga kom.

Shetelig og teamet hans kunne etterkvart slå fast at funna stamma frå eit større og eit mindre fartøy. Alt tydde på at båtene var øydelagde før dei vart lagt i myra, så funna utgjorde ikkje eit gravskip eller restane etter eit forlis, truleg vart dei deponert i myra som ei rituell

handling. Begge båtene var klinkbygde. Den minste båten, Kvalsundfæringen, hadde vore 9,5 meter lang og 1,5 meter brei og hatt to par årer. Kvalsundskipet, den største båten, hadde hatt ei lengde på 18 meter og ei breidde på 3 meter og heile ti par årer. Det er enno eit ope spørsmål om Kvalsundskipet kunne ha segl, men det vart funne ein kjølpplanke som kan peike i den retning.

Shetelig meinte at Kvalsundskipet var eldre enn Osebergskipet og samanlikna funnet med Nydambåten og andre danske myrfunn. Ei C14-datering som vart gjort på 1980-talet, tilsa at skipet kunne vere bygd på slutten av 600-talet og underbygde tolkinga av skipet som eit mellomledd mellom Nydambåten og Osebergskipet.

Nyleg vart elleve delar av funna årringsdatert av ekspertar frå Nationalmuseet i København og det synest klart at fartøya er noko yngre enn først antatt. Mest truleg er fartøya bygd innanfor tidsrommet 780–800 e. Kr. og såleis

Rekonstruksjon av Kvalsundskipet, Sunnmøre Museum.
Foto © Sunnmøre Museum.



nesten samtidig med Oseberg-skipet, som vart bygd i 820.

I dag er det anlagt ei gravlund over funnstaden, Kvalsund gravplass. Det er bygd kopiar i full storleik av begge fartøya, desse er i dag på Sunnmøre Museum.

Mykje tyder på at Kvalsundøyra har hatt ein sentral stilling, kanskje så langt tilbake som til bronsealder. I alle fall har det vore ei rekke gravminne i området ved funnstaden. På ei skisse, teikna av Shetelig under utgravinga, er det markert sju gravminne, mens Per Fett i 1951 nemner kring ti gravminne. I dag er fleire av desse fjerna og i Askeladden er det registrert fire gravrøyser. Ved sjøen står ein bautastein, denne vart brukt som element i brua over «Nikkenelva», men Shetelig fekk sett den opp att der den stod opphavleg. Shetelig nemner vidare ei forhøgning i landskapet, ein ringforma voll, seinare omtala som «Kyrkjetelet».

Kulturminne ID 26776: Kvalsundskipet og Kvalsundbåten, fjerna.

Kulturminne ID 45872: Gravfelt og bautastein.



Bautastein, Kvalsund.

Gravrøys, Fett fk.nr. 7/1: bygd av kampestein, torvkledd, ti meter i tverrmål og ein halv meter høg.



Kjeldsund handelsstad - regional verdi

Kjeldsund ligg strategisk plassert i den gamle "fjordmannsleia". Leia her er trong og ho buktar seg mellom holmar og skjer. Det var denne vegen fjordkarane rodde eller sigla når dei skulle ut på øyene på fiske og heim att når fisket var slutt.

Dei gamle handelsstadane vaks fram på strategiske stader langs leia og det er kjent at Kjeldsund har vore handelsstad sidan 1600-talet.

Truleg er dette den eldste, og den handelen som har vore drive mest jamnleg i Herøy. Den første ein kjenner til som dreiv handel var Rasmus Simsom.

Kjeldsund låg lagleg til for både handel og gjestgjevarstad og var frå gammalt av, saman med Herøy og Eiksund, skysstasjon. Storfolk tok inn her når dei var på reise og frå eit skifte i 1709 ser ein at her var ei stor samling med hus, mellom anna både storstove og sitjestove, i tillegg til fleire sjøhus. Det var også ein særskild bygning til skule, dette er dei første opplysningane ein har om skulehald i Herøy. I tillegg til handel og gjestgjeveri, vart det drive jaktfart.

Frå gammalt av var Kjeldsund også tingstad og til tinget kom skrivar, fut og andre rettsfolk. Frå

1804 var Kjeldsund postopneri, som det første og einaste i Herøy. I 1818 vart postopneriet flytta til Leikanger, som då låg meir lagleg til.

Det kunne vere folksamt i Kjeldsund og kjøpmanns- og embetsmennsfamiliar søkte gjerne saman, særleg i juletider. Dette førte med seg selskapsliv med song og musikk. Det vart også halde barneselskap.

Den gamle hovudbygningen skal ha vore det flottaste av handelshusa i Herøy. I 1926 var det dessverre ein stor brann i Kjeldsund og hovudbygningen, saman med fleire andre hus, brann ned til grunnen. I 1928 vart hovudhuset, saman med borgstova og krambu, bygd opp att. Det vart teke omsyn til den gamle byggjestilen, men nokre endringar vart likevel gjort. Bygningane har høg arkitektonisk verdi.

Frå slutten av 1940-talet var tida som handelsstad slutt. I dag er Det Norske Misjonsselskap eigar og staden vert mellom anna nytta til leir og andre samlingar. Kjeldsund tek også i mot privatpersonar for overnatting og dei har servering.

Kulturminne ID 227088-1.



Herøy gard og kystmuseum - regional verdi

Øya Herøya består i dag av to bruk, Herøy bruk nr. 1 vart museum i 1981. Museet heiter i dag Herøy kystmuseum og er eigd av Herøy kommune. Herøy kystmuseum med Herøy gard, Herøy gamle kyrkjestad og kulturlandskapet rundt, utgjør ein naturleg og historisk heilskap. Her er mange kulturminne, også som ikkje er registrert og kartfesta enno.

Museet ligg idyllisk til på Herøya, som ligg midt i Flåværleia. På Herøya er det gode hamneforhold, noko reisande har gjort seg nytte av langt tilbake i tid. Øya er nemnd i sogene og alt frå 1100-talet har staden vore kyrkjestad. Steinkyrkja på Herøy, truleg bygd kring 1100, i romansk stil, var vigd til Maria. Ho var stor til å vere mellomalderkyrkje, noko som kan tyde på at ho har vore eit senter i den sørvestre delen av Sunnmøre. I 1859 vart steinkyrkja riven og ei ny og større kyrkje, i tre, vart sett opp. Stein frå den gamle kyrkja vart nytta i grunnmuren på den nye. Kyrkjegardsmuren vart utvida og bygningsstein frå den gamle kyrkja vart nytta også her. I 1916 vart trekyrkja flytta til Bergsøy. Kyrkjegarden er i dag eit vakert skue med gamle graver.

I mellomalderen var her også tingstove og gildestove på Herøy gard. Vest på øya er «Klosterhaugen», der det er spor etter ei tuft. I følge segnene skal det ha vore kloster her, men kva bygningen har vore nytta til er usikkert. På toppen av haugen har bygningen vore godt synleg inn leia frå Stad og kan ha vore eit siglingsmerke. I tufta er det funne marmorrestar og kalkmørtel.

Herøy gard var prestegard fram til 1760. Det var likevel få prestar som budde på garden og i 1760 vart Raftenes i indre Herøy prestegard gjennom eit makebyte. I 1770 vart garden seld på auksjon til Sivert Olsen (1734–1812) og med han steig Herøy fram som ein av dei store handelsstadane på våre kantar. Han dreiv med krambuhandel og fiskeforretning, hadde båtlag som dreiv med torskefiske og tok i mot sild for salting. Sivert Olsen forsynte folk med matkorn og såkorn og hadde løyve til å selje alle slags varer. Han kjøpte varer av dei lokale bøndene, som fisk, ved og pels, frakta varene til Bergen og kom heim att med korn, salt, jernvarer og anna folk hadde bruk for. Til å frakte varer hadde han eigne jekter. Herøy var handelsstad fram til byrjinga av

Sjøbua og hovudhuset på Herøy gard, sunnmørsjekta "Anna Olava" i front.



1900-talet, men kring 1916, då Herøy kyrkje vart flytta til ytre Herøy, stilna det også av med handelen her.

Hovudbygningen på garden vart bygd i 1752 og er påbygd i fleire omgangar etter det. Sjøbua vart truleg sett opp i Sivert Olsen si tid, den har tre etasjar og rommar både krambu, saltebu og varelager. I dag rommar sjøbua ei båtsamling med, mellom anna, ein rekonstruksjon av sunnmørsjekta «Anna Olava». Elles på garden står det fleire mindre bygningar, som stabbur og potetkjellar. Borgstova, den gamle tingstova, vart riven i 1946. Bakeriet og nauset som stod i enden av borgstova, er også rivne. Før danna desse bygningane, saman med hovudhuset, eit tun mot aust, der det var hage.

Kystpilegrimsleia vart godkjent i 2017 og er ein av ni St. Olavsvegar i Noreg som fører til Nidarosdomen. Herøy gard er ein av tjueseks nøkkelstader, valt for øya si historie og sine kulturminne, pilegrimsmålet er kyrkjestaden.

Kulturminne ID 84565: Herøy kyrkjestad.

Kulturminne ID 92632-1: Klosterhaugen.

Kulturminne ID 124898: Hamneområde (uavklart).

Kulturminne ID 284401-0: Dyrkingsspor (uavklart).

Ei av gravene på kyrkjegarden er "Anna med Barnet". Historia er godt kjent blant folk på Herøy. Anna, kona til overtollbetjent J.C. Brun døde i barsel då ho skulle føde sitt åttande barn. I kveldinga etter gravferda synstest folk å høyre skrik som om nokon var i ytterste naud. Grava vart opna, men både Anna og barnet var daude. Mannen Johan fekk laga og sett opp eit jernkors og på gravminnet står det: "Anna med Barnet--2.2 1841.



Kyrkjegardsmuren omkransar Herøy gamle kyrkjegard.





Krambua i sjøbua på Herøy gard.



Diverse utstyr og fiskereiskap frå sjøbua.

Gamle graver på Herøy kyrkjegard, i bakgrunnen ser ein tufta etter trekyrkja bygd i 1959.



Runde hamn - regional verdi

Runde har frå gammalt av vore eit fiskevær der både oppsitjarar og fiskarar utanbygds frå, hadde utror. Herifrå var det nært til dei fiske-rike grunnene. I 1888 var her i alt 26 båtar med 142 mann som hadde utror herifrå. Runde har ingen naturlege hamner og det var ikkje lett å leggje til med båt. I dårleg vêr var det nærast uråd. I 1883 søkte oppsitjarane på Runde første gong om at det måtte løyvast pengar til hamn. Sjølv om Runde hamn kom på Hamnevesenet sin plan, vart det ikkje løyvd pengar og sett i gong arbeid med hamna før i mot slutten av 1890-åra. Første byggjesteget vart ferdig i 1910. Det vart bygt to moloar, ein i nord (kalla nøre molje), seinare lengd med 60 meter, og ein i sør (søre molje), seinare utvida i breidd og med støypt vern mot storbåra. Innanfor desse moloane kom då sjølve hamna med sjøbuer og kaianlegg. I dag er det slutt med sjødrift herifrå. I staden er det gjort plass for fritidsbåtar og gjestebryggje.

Hamnetilhøva på Goksøyr var heller ikkje gode og i samband med bygginga av Runde hamn vart det bygd veg til Goksøyr. Denne stod ferdig i mot slutten av 1800-talet.

Biletet øvst på neste side syner sjøbudene ved nøre molje. Lengst til venstre i biletet ser ein Brakka. Det første huset som sto på denne tomte var anleggsbrakka til hamnearbeidarane. Etter at arbeidet vart ferdig, stod brakka til forfall i mange år. Ingvald Rundø reiv denne og sette opp noverande sjøbud kring 1955. Brakka har vore nytta til ulike ting, mellom anna installerte han fryseboks til utleige då straumen kom i 1951. I 2022 vart sjøbua seld til Runde miljøsender. Ved sidan av Brakka står Rapp-bua. Ho har namn etter båten Rap, bygd i 1901 og avløyst av Rundesund i 1948. Bygselbrev på tomte i 1930 kan tyde på at bua er frå same tid. Bua er bygd i to etappar med ei noverande lengd på 32 meter. Johan P. Johansen Runde fekk bygsel på tomte i 1942, fornya bygsel i 1967. Bua er vel det næraste ein kjem ein fiskeriarbeidsplass på Runde med fleire mann i arbeid med klippfisk. Vestøy-bua har namn etter båten Vestøy, kjøpt til Goksøyra bruk nr. 7 og 11. Dei dreiv mest etter sild og sei. Både båt og tomt hører etterkrigstida til.

Runde hamn.





Sjøbuene ved nøre molje, Brakka lengst til venstre.

Kvalnesbua har namn etter båten Kvalnes, mest brukt til sildefiske og linefiske etter torsk bort under Island. Tomta vart bygsa i 1955. Det var ikkje plass til båten innanfor hamna, han låg derfor på svai utanfor. Austbrusbua er den neste, den er truleg frå kring 1930. Bua har namnet etter båten Austbris som for det meste dreiv etter sild og torsk. Losbua er den siste av de store buene og er ei vanleg sjøbud, men fekk nam etter eigarane som var losar. Bygselbrev på tomta frå 1943.

Vidare nordover står det fire mindre buer, alle med bygselbrev frå 1950-talet.

Ved søre molje finn ein dei eldste sjøbuene. På nordsida av vegen, ned mot moloen står to sjøbuer attmed kvarandre (sjå nedste bilete). Den minste vert kalla Georg-bua, etter Georg Runde (1917-1997). Georg hadde småbruk å ta seg av, men det var sjøen som gav inntekter, og då måtte han ha sjøbu. Bua er i slektseige, men står ubrukt.

Sjøbuene på nordsida av vegen, ned mot søre molje.



Den andre bua kallast Skorpen - bua etter Einar Skorpen (1903-1985). Einar overtok dampskipsekspedisjonen etter Petter K. Teige i 1947 og heldt på i fleire tiår. Han hadde elles ein liten båt sjølv og dreiv etter hummaren. Bua var nok bygd før hans tid og høyrer truleg til dei eldste. Ei tid selde Ingvald (handelsmannen) mjølk i litervis derifrå, inntil flaskene overtok.

På andre sida av vegen står Gule-bua øvst. I dag framstår bua i god og restaurert stand etter å ha fått ille medfart av stormen «Dagmar» for nokre år sidan. Alder er ukjend, men ho må vere gammal etter byggjemåten å døme. Ho står mellom anna direkte på bakken utan grunnmur. Mellom Gulebua og Teige-bua er eit lite mellomrom - eit krøp. Teige-bua ruvar ikkje i motsetning til naboane på kvar side. Bua er gammal, kanskje frå Petter K. Teige (Peité) si tid. Han var postopnar og dampskipsekspeditor 1920-1947. Bua vart truleg nytta som

lager for mellom anna fyrlyktolje. I bygningen ved sidan av, Hilbron-bua (knappast ei sjøbud) er det verkstad i første etasje og andre etasje er innreidd som museum. Siste bua, Halle-bua, er todelt, men samanbygd slik at ho framstår som ei. Den eine delen vart nytta som, mellom anna, ishus og frysehus. Truleg sett opp innan 1929, då Einar P. Runde fekk byggjeløyve av Hamnevesenet til å setje opp ei sjøbud innan dette årstalet.

Runde hamn har opp gjennom tidene vore ei svært viktig fiskeri- og loshamn, viktig både for lokale, men også for fiskarar og båtar andre stadar i frå.

Kulturminne ID 226977-1.

(Ein stor takk til Rolf Huus som har bidrege med opplysningar og det meste av tekst i dette avsnittet).

Sjøbuene på sørsida av vegen, ned mot søre molje.



Fosnavåg kystkulturmiljø - regional verdi

Fosnavåg hamn er ei av dei viktigaste fiskerihamnene i tida etter 1900. Hamna er naturleg god og ei av dei best skjerma langs heile kysten. Når den så ikkje kom til å spele større rolle som fiskerihamn før etter 1900, er dette forklart med at ho låg langt utanfor leia og at innseglinga er trong. Så trong at det var vanskeleg å manøvrere seg inn med seglbåt. Kring århundreskiftet vart motorbåten introdusert i fiskeriet og no vart det enklare - det store potensialet i hamna kunne utnyttast for fullt.

Sjølv om Fosnavåg er nemnd som fiskevær alt frå slutten av 1700-talet, var det gardane Øvre og Nedre Fosnavåg som prega staden fram til århundreskiftet. Mot slutten av 1800-talet tok Fosnavåg til å endre karakter, fiskarar kom frå alle kantar og det vart sett opp sjøpakkhus, saltebuer, rorbuer, handelsbuer og tranbrenneri. I åra etter 1900, og med motorbåten sitt inntog, auka aktiviteten og næringsverksemdene. Det vart behov for både smed og mekanisk verkstad for å reparere motorane i båtane.

Og i kjølevatnet av det rike fisket vart det etablert salteri, røykeri, fryseri, kjølelager og etterkvart sildeoljefabrikk og hermetikkfabrikk. I dei gode sildeåra på 1950-talet var her eit yrande folkeliv og hamna var full av båtar.

Fosnavåg har vakse fram og skifta form i fleire epokar med Vågen og dei første vegane som strukturerande element. I den første fasen var staden prega av å vere eit sjølvgrodd fiskevær, der aktiviteten var størst i den ytre og midtre delen av hamna. På 1920- og 1930-talet vart aktiviteten flytta stadig innover mot Ura og fleire verksemder vart etablerte her. Gerhard Voldnes var ein sentral mann i dette, les meir om han og konsernet hans på side 68. På denne tida spreidde ein ny byggjestil seg; funksjonalismen og særleg industri- og næringsbygg vart inspirert av denne stilarten. Det vart lagt vekt på konstruksjon, material og funksjonalitet. Idealet var eit enkelt formspråk, der form skulle følgje funksjon. Betong vart no oftare nytta som byggjematerial.



Gerhard Voldnes sildeoljefabrikk, 1936. Foto: Ottar Gladtvat.

Som følge av den store veksten i fiskeværet vart Fosnavåg ein eigen bygningskommune i 1907. I 1930-åra såg ein behov for ein reguleringsplan og oppdraget gjekk til ingeniørar frå Vegstellet. Arbeidet med denne reguleringsplanen gjekk over fleire år og det vart utarbeida gatenett, byggelinjer og avløpsplan, men langt frå alt i planen vart realisert. På 1950-talet fekk byplanleggaren Sverre Pedersen i oppdrag å lage ein ny reguleringsplan for Fosnavåg. Han var oppteken av landskapsanalyse i planarbeida sine og nytta landskapet rundt Fosnavåg, og då særleg Vågen og Holmefjorden, samt dei første vegane, som strukturende element i den nye planen. Han etablerte mellom anna sentrumskrossen, beståande av Rådhusgata (kalla Parkgata i reguleringsplanen) og Kjøpmannsgata. Begge gatene vender mot havet og hadde den gong, monumental utsikt over Holmefjorden og Vågen, med vidare utsyn mot Vigra. Sverre Pedersen var oppteken av byrom og i enden av Rådhusgata planla han ny park. Vidare langs denne gata; rådhusplass og eit større forretningsstrok, samt eit trafikk-knutepunkt med ny rutebilstasjon ved den gamle dampskipskaia. I enden av Kjøpmannsgata regulerte han allmenningsskaien til offentlig plassrom og kai, noko som skulle sikre utsynet mot nordaust.



Ikkje alt i Sverre Pedersen sin reguleringsplan vart realisert, og i dag er sentrumskrossane det klaraste uttrykket etter reguleringsplanen. Den monumentale utsikta er dessverre i dag forringa av Menybygget og utfyllingar på Nødrevågneset og Urholmen.

Utover 1950 og 1960-talet blomstra forretningslivet og staden vart også eit handelssentrum med eit mangfald av butikkar og tenester. I 1967 vart hovudadministrasjonen for Herøy kommune flytta frå Eggesbøneset til Fosnavåg og det nye kommunesenteret vart etablert her. I dag er Fosnavåg ein reiar- og næringsby innan fiskeri- og offshoreverksemd.

Mykje av den gamle bygningsmassen er utskifta, men her er framleis element som peikar tilbake på dei ulike epokane. Det er ikkje gjort ei eiga kulturminneregistrering i Fosnavåg i samband med denne planen. Nokre bygningar er med på lista over utvalde kulturminne og nokre er med på lista over kulturminne av lokal verdi. På sidene som følgjer er det også bilete av bygningar som ikkje er med på noko liste, men som er døme på bygningar som representerer ulike periodar og aktivitet i Fosnavåg. Fosnavåg kystkulturmiljø er foreløpig utan kulturminne ID.



Synsaksane og sentrumskrossen: Rådhusgata (til venstre) og Kjøpmannsgata (til høgre).



Vågsholmen, stove bygd i 1906 av Paul Jacobsen Vågsholm. Han hadde sild- og fiskeforretning, tran-damping, opna bakeri og opna bakeri og grunnla "Fiskarheimen" i 1915.

Jacobsen-huset: E. Jacobsen var ein av dei store grunderane i Herøy, han bygde både sjøbu og trenbrenneri og dreiv med handel og skipsekspedisjon. Han og familien flytta inn i den staselege jugendvillaen i 1915. Kulturminne ID 339082-0.



Mohammaren, fire sjøbuer frå den første fasen av fiskeværret. Den raude bua er truleg den eldste, bygd før 1896 og påbygd i 1914/15. Her har mellom anna vore butikk og husvære som vart leigd ut til fiskarlag. Jens Hansen-bud ligg lengst mot venstre, flytta frå sentrum då Fosnavåg brygge vart bygd. Kulturminne ID 339094-0.





To sjøbuer frå den første fasen av fiskeværret, inneklemt mellom hotellet og bustadblokka ved Mohamaren.

Nørvågen, Mågen-bua, kanskje den eldste bua i Fosnavåg? Den eldste delen skal vere frå midten av 1850-talet og den eine vegg er bygd av gamle båtbord.



Nørvågneset, tre sjøbuer frå den første fasen av fiskeværret. Bua til høgre er Benbua, truleg bygd kring 1878. I 1976 vart bua sett i stand. Bygd som sjøbu, fiskemottak. Buene er framleis i bruk av fiskarar med båt i Fosnavåg.





Over: Daniel Matias Wikene tok til med forretning i 1930 og i 1933 bygde han det staselege Wikenhuset, i dag kalla Fosnagaard. Dei hadde eit breitt utval av varer, i 2. og 3. etasje var her hyblar og pensjonat. Fosnagaard er det einaste attverande handelshuset frå denne tida. I 2011 vart eigarane tildelt «godt-vern» prisen på Sunnmøre for å ha sett i stand huset etter antikvariske prinsipp.

Tollåsgården, S.A Tollås, historia går tilbake til 1914 då Sigvald Andreasson Tollås starte forretning med sild og fisk. Etterkvart utvida dei forretninga til også å omfatte jernvarer og skipshandel.



Herøy Rådhus, bygd i 1967, seinare bygd på med eitt byggjetrinn. Kulturminne ID 338505-0.





Over: Bygningen Corner, med sin funksjonalistiske stil, er ganske unik i Fosnavåg. Corner var opphavleg bygd som bensinstasjon og bilverkstad. Kulturminne ID 338404-0.



Industriområdet i Ura.

Gjerdet - lokal verdi

Bruket Gjerdet, under gnr. 34 Fosnavåg Øvre, representerer den første fasen av Fosnavåg - tida då det var fiskarbonden som haldt til Fosnavågen og vekselbruket var livsgrunnlaget. Bruket vart skilt ut i 1862 frå bruk nr. 1. På tunet står tre bygningar, ei løe (på nabobruket) og eit våningshus, samt Nautøystova, som står litt for seg sjølv, mot aust. Våningshuset, kalla Gamlestova, og løa er truleg begge oppført i 1862. Gamlestova er autentisk og svært godt intakt, med mellom anna ei stor grue.

Nautøystova vart flytta til noverande stad i 1898, frå Nautøya, derav namnet. Bygningen har truleg vore flytta fleire gonger, og delar av bygget kan daterast tilbake til midten av 1600-talet. Bygningen har ein lafta instedel i to høgder med sval på tre sider, lafteteknikken som er nytta var vanleg i første halvdel av 1600-talet. Svala rundt tømmerkassa står på stavar med klauv, noko som peiker på at svala har kome til ein gong på 1700-talet.

Dette gardstunet er det einaste som er att

Gamlestova.



Nautøystova.



i Fosnavåg og det syner korleis gardstuna og bygningane kunne sjå ut på midten av 1800-talet. I 2023 vedtok Herøy kommune å kjøpe bruket for å bevare kulturminna og utvikle område til eit friluftsmuseum på sikt. I Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum (vedtatt 26.09.24) har kommunestyret bedt om at det vert laga ein forvaltningsplan for Gjerde.

Gamlestova: kulturminne ID 289930-0.

Nautøystova: kulturminne ID 279240-0.

Slippen – Herøy kystlag - lokal verdi

Herøy kystlag vart etablert i 1991 og jobbar for å få eit kystkultursenter som syner utviklinga, både på sjø og land, i perioden frå kring 1900 og fram til i dag. Herøy kystlag har fleire samlingar; båtar, motorar, gjenstandar til bruk på sjø og land og ei fotosamling.

Sommaren 2005 kjøpte kystlaget «Slippen» i Fosnavåg og har sidan då hatt tilhaldsstad her. Bygningen «Slippen» vart sett opp i 1950-1953 og er i betong, men historia til eigedomen byrjar likevel før. I tida då båtane gjekk over til å ha motor, på byrjinga av 1900-talet, opna det seg nye næringar. Mellom anna vart smedar viktige for reperasjon av båtmotorar. Fram til 1908 hadde Johan Krøken hatt smie i Nordstrandbuda. Morten Nerem frå Ålesund overtok etter han, og i 1913 bygde Nerem, saman med to læregutar, både slipp, verkstad og kai. Nerem døyde ung, og sønene tok over verksemda. Det var dei som reiste noverande bygning. Seinare kjøpte Gerhard Voldnes eigedomen og dreiv verkstad her til 1994.

Kulturminne ID 338506-0.

Nede til høgre: Medisinskrin frå "Dag" av Fosnavåg. Eit komplett medisinskrin slik det var ombord i fiskebåtane fram til midten av 1960-talet.

Herøy kystlag held til i Slippen.



I 1.etasje er det utstilt fleire båtmotorar.



Ein av båtane i båtsamlinga til Herøy kystlag.



Voldnesbygget - lokal verdi

Inst i hamna i Fosnavåg, i Ura, ligg Voldnesbygget, eller "Skuggen" som bygningen også vert kalla. Dette er Gerhard Voldnes AS sitt gamle kontorbygg.

Bygningen vart sett opp i 1938, etter ein brann i sildeoljefabrikken. Den tyske ingeniøren og byggmeisteren Heinrich Schmidt stod bak bygginga av dette, så vel som andre bygningar i konsernet. Han er mellom anna også kjend for Devoldfabrikken i Langevåg. Kontorbygget var eit moderne bygg i 1938, med innlagt vatn, to vassklosett og elektrisk straum. Bygningen har 5. etasjar og flatt tak. Fasaden er original, av upussa, raudleg teglstein. Bygget er oppført i dobbel hol- mur, ved denne byggjemåten lagar ein holrom mellom ytre og indre musteinsvegg med det føremålet å isolere. Eit påbygg vart sett opp på midten av 1960-talet.

På gateplan var det skipshandel og kolonialbutikk, og elles plass til maskindelar, fyrrom, arkivrom og kontorplassar. I 2. etasje var "direktørkontoret". Her er enno den same pulten, ståpulten, golvet og interiøret som på 1960-talet. Også konferanserommet vegg i vegg, har beholdt mykje av det originale interiøret.

Voldnesbygget.

Gerhard Voldnes starta karrieren sin som fiskeoppkjøpar for firmaet Richard Floer jr. i Honningsvåg. Han og brødrene vart etter ei tid tekne inn som kompangjongar og i 1916 vart selskapet omskipa til A/S Floer & Brødr. Voldnes. I 1917 starta firmaet med sildesalting i Fosnavåg og i 1921 bygde Voldnes sildeoljefabrikk same stad. Frå 1936 var Voldnes eineieigar av firmaet og grunnla same året Fosnavåg Canning CO AS. Firmaet hadde også fryseri og etterkvart skipsverft. Han bygde også opp verksemder i Måløy og Honningsvåg. Frå 1944 heitte firmaet Gerhard Voldnes AS. I dei store sildeåra på 1950-talet sysselsette Voldnesfabrikkane kring 1000 personar i sesongane og i 1962 ga Voldnes skipsverft arbeid til 100 mann.

Verksemda G. Voldnes bygde opp er nok den som har betydd mest for oppbygginga av det moderne Herøy i tida kring 1920-1970-åra. Gerhard Voldnes vart slått til riddar av den Kongelege St. Olavs orden i 1967 for sin innsats.

Kulturminne ID 338765-0.



Tonninggarden - lokal verdi

I Tjervåg ligg eit av dei eldste husa i Herøy, den eldste delen er truleg frå midten av 1500-talet. Dette er våningshuset på Tonninggraden, gnr. 53/7. Huset fekk si noverande form i 1844, då eigar av garden, Henrik Tonning, bygde på den gamle stova som stod i tunet. Bustadhuset er ei stilrein Nordfjordstove og hadde opphavleg utsjånad til om lag 1950, då vart det sett inn nye vindaug. Huset er i dag restaurert og i god stand.

Det er mange historier knytt til huset. Før Tjervåg fekk fast skulebygning i 1881, var her skule, det har vore halde heradstyremøter og forliksrådet har hatt møter her. Huset er også knytt til stiftinga av sjømannsmisjonen. Sommaren 1864 samla Severine Klungsøyr grannekonene i huset og dei vart eininge om å skipe ei foreining for Den Norske Sjømannsmisjonen. Dette vart den første sjømannsforeininga, skipa før hovudorganisasjonen. Severine var gift med ein skipper og mor til fem gutar i utanriksfart, sjømannsmisjon var såleis ei viktig sak for henne. Ho mista seinare tre av sønene sine på havet.

Det er registrert ei rekkje automatisk freda



Frå den eldste stova i huset.

gravminne kring tunet på Tonninggarden. Eit gravfelt inneheldt kring ti gravhaugar, men i dag er dei fleste av desse vekke. Ein kan likevel enno sjå restar etter fleire gravminne. I den eine gravhaugen vart det funne eit leirkar og restar etter eit sverd frå eldre jernalder. Ved sjøen er ei båtstø, skoren ned i bakken, i dag utydeleg markert. Tilsaman vitnar dette om ein sentral gard langt tilbake i tid.

Tunet ligg ved Tjervågosen naturreservat, ein vågsos med tilhøyrande plantesamfunn, landskapsform og dyreliv.

Kulturminne ID 338354-0.

Våningshuset på Tonninggarden.



Svendsenbua - lokal verdi

I Sævikane på Remøy står Svendsenbua, ei av dei aller siste "fjordmannstovene" som er att Herøy. Ei fjordmannstove er namn på husvære som fjordfolket leige og budde i når dei reiste ut til øyene for å fiske. Dei leigde seg gjerne sjøbuer eller andre eigna hus, om dei ikkje leigde rom hos dei fastbuande. I sjøbuene var det vanleg at båtlaga hadde eigne kokker som sytte føre mat til fiskarane.

Sævikane var eit gammalt fiskevær og mange fjordfolk og fiskarar frå Indre Herøy dreiv vinterfiske med utror herifrå. På slutten av 1700-talet låg her ni framande båtlag. Går ein fram til 1888 kan ein lese at her var 68 båtar med i alt 365 mann med utror frå Sævikane.

Svendsenbua vart flytta frå Kjeldsund til noverande plassering i 1875 av Enok Svendsen. Sjøbua er av reisverk, bordkledt og taket er delvis tekt med skifer. Ho vart nytta til sildesalting og hadde i tillegg plass til 30 overnatingsgjester i 2. og 3. etasje. Mykje av inventaret er bevart.

Kulturminne ID 338359-0.



To av sengene i bua nytta av fiskarar i sesongane.



Vindehjul øvst i sjøbua, ein del av ein heisinnretning som har løfta varer inn og ut av bua.





Innvendig i Svendsenbua

Djupvikskogen - lokal verdi

Djupvikvatnet ligg idyllisk til og det er det einaste i Herøy som ikkje har busetnad inntil vasskanten.

Dei første løyvingane frå Stortinget til vegbygging i Romsdal amt kom i 1860. Amtet ville ha hovudvegen over Hareidlandet bunden saman med vegen Leikanger–Larsnes. Vegen mellom Dragsundet og Leikanger vart bygd i 1868 og 1869 og i 1875 vart vegen klassifisert som hovudveg. Traseen til den gamle vegen er bevart rundt Djupvikvatnet og ein kan sjå ein av dei gamle rodesteinane langs vegen.

Kulturminne ID 338392-0.



Djupvikvatnet, ein steingard markerer grensa mellom to bruk.



Rodestein.

Vegen rundt Djupvikvatnet, her i same trase som den første hovudvegen mellom Leikanger og Dragsund.



Havilabygget - lokal verdi

På Mjølstadneset ligg administrasjonsbygningen til rederiet Havila AS, "Diamanten". Bygningen vart sett opp i 2007-2008 og har ein nyskapande arkitektonisk utforming.

"Diamanten" er ein åttekanta konstruksjon, med skråstilte profilar, i fire etasjar, bygd i plastøypt betong med stein og glasfasader.

Byggherren, Havilareiar Per Sævik, ønskte seg eit markant og monumentalt bygg og arkitekt Georg Grimstad ved Sporstøl Arkitekter AS i Ulsteinvik, fekk nærast fritt spelrom med tanke på utforming. Resultatet vart ein monumental bygning som speglar naturen rundt på ein flott måte. Bygningen er, etter tida den vart bygd i, grensesprengande, med svært avansert glasbruk.

Fasadeentreprenør: glasmeister John Holvik AS,
Naturtsein: Nordfjord Skifer
Kulturminne ID 338360-0.



"Diamanten" Foto: Per Eide Studio (www.nordfjordskifer.no)

"Diamanten" Foto: Per Eide Studio (www.nordfjordskifer.no)



Sunnmørsjekta “Anna Olava” - lokal verdi

Ei av Herøy kystmuseum sine målsetjingar er å vise fram ein handelsstad på kysten, slik han var på 1700/1800-talet. Jekta var heilt sentral, og på mange måtar ryggrada i handelen langs norskekysten, frå mellomalder og fram til byrjinga av 1900-talet. Ho var eit fraktefartøy og frakta ved, fisk og andre varer frå bygdene til Bergen eller Trondheim, og varer frå byane tilbake til bygdene. Det var ofte handelsmenn som eigde jektene, men det er også døme på at ein, eller fleire bønder i lag, hadde jekter. Jekta var klinkbygd og vart sigla med råsegl, og ho hadde veng akterut. Her kunne mannskapet sove og lage mat under reisene. Jekta var elles utan dekk og hadde god lasteplass.

“Anna Olava” er rekonstruksjon av ei sunnmørsejkt, som Hans Strøm skildrar på 1700-talet. Namnet har ho fått etter kona til Sivert Olsen, den første handelsmannen på Herøya.

Rekonstruksjonen er gjort utifrå funn av hud og spant i eit hus på Håkonsholmen. Saxe Bjørkedal står bak rekonstruksjonen som vart bygd av jektebyggjaren Sigurd Bjørkedal og sønene hans. Ho var ferdig og sett på sjøen i mai 2000.

Jekta vart bygd med lån i Sparebank Møre. Det var smått med oppdrag som kunne gje inntekt til å betale gjelda og etter avslag av stønad frå kulturminnefondet i 2003, vart Stiftinga Sunnmørsjekta slått konkurs. «Anna Olava» vart så ståande i opplag, open for vår og vind, til 2015. Då tok nokre eldsjeler fatt og sette i gang arbeidet med å få restaurert jekta. I 2016 fekk dei RDA midlar, og saman med god hjelp av lokale, vart jekta restaurert og sjøsett på ny, i 2017.

Det er ingen bevarte originale sunnmørsejekter og «Anna Olava» er ein av få kopiar. Jekta er oppbevart ved Herøy kystmuseum.

Sunnmørsjekta “Anna Olava”. Foto: Rune Paulsen (henta frå Vestlandsnytt 19.11.2019).



Storfæringen - lokal verdi

Sunnmørsbåt er ei fellesnemning for den gamle bruksbåten på Sunnmøre og delar av Romsdal. Sunnmørsbåten kom i ulike storleikar, men dei var alle klinkbygde og hadde både årar og råsegl. Dei er særleg kjenneteikna av skroget, som er bygd som snedbetning og det asymmetriske råseglet. Sunnmørsbåten vart rekna for å vere ein særleg god havbåt.

Hans Strøm skildrar den gamle sunnmørsbåten i sine verk, og dei er ei viktig kjelde til informasjon om båtane, saman med gamle båtbord brukt som kledning på naust, lør og andre uthus.

Færingen var den vanlegaste bruksbåten til heimefiske og ærend mellom bygdelag, og var den minste av «sunnmørsbåtane». Storfæringen til Per Odd Paulsen har ei lang historie. Han vart kjøpt av Knut Knutsen av ein fyrvaktar på Grasøyane i 1908 og hadde då vore brukt til å reise på handel til Flø og til å frakte kyr på beite. Kva tid båten vart bygd, veit ein ikkje, men denne båttypen skriv seg

frå åra kring 1870. Storfæringen er seks meter lang, om lag to meter brei og har to par med årar. Han er rigga med storsegl, fokk og klyver. Roret er anordna slik at ein kan hekte på ein styrevol.

Ein kan nærast seie at båten kom til å utgjere livsgrunnlaget til Knut Knutsen og familien hans. I 25 sesongar dreiv Knut Knutsen med kilenot etter laks og med hummarteiner. Somme sesongar vart han også nytta til torskefiske og oterfangst i Dalsfjorden, Austefjorden og Vanylven om hausten. Ikkje minst vart færingen nytta for reise til både Ålesund og Fosnavåg for å levere fangst.

Færingen stod lenge i ei sjøbu i Fosnavåg utan vedlikehald. På initiativ av noverande eigar, vart det teke kontakt med båtbyggjar Ola Bjørneset i Austefjorden. Han har sete i stand båten, mykje måtte skiftast: fleire bord måtte byttast eller lappast på og to av spanta måte byggjast opp på nytt. Elles vart det laga nye tiljer og årar og nye segl vart formsydde etter dei originale av Pla- Ny i Gjerdsvika.

Storfæringen. Foto: Rune Paulsen (henta frå Vestlandsnytt, 27/10-2023).



Fiskemed - lokal verdi

Fiskaren kjenner geografien på havbotn med sine knausar, fjellhyller, djupe dalar og bratte stup. Han veit kor fisken held til, og kvar dei kan forvente å få god fangst. Denne kunnskapen kviler på generasjonar si arv og eigen erfaring. Frå gammalt av er det fiske med snøre som først og fremst har gjeve fiskaren kunnskap om botnetilhøva. Med snøre hadde dei famnemålet på djupna føre seg og med feitt på steinen, fekk dei også kunnskap om kva slags botn det var, fjell, sand eller søyle. Botn, saman med djupna, er avgjerande for kva fiskeslag der er. Torsken fekk dei kring hausane og skallane, longa i djupare bakkar, kveita og flyndra på sandbotn.

For å hugse kor dei gode fiskeplassane var, beit fiskarane seg merke i fjelltoppar, knausar og andre landemerke på land, og konstallasjonane dei hadde til kvarandre. Eit slik fiskemed gjorde det lett å finne fiskeplassen att. Kunnskapen om gode fiskeplassar var ikkje noko

som fiskarane delte villig, det vart rekna som tap, og somme tider, å bringe ulykke.

Fiskeplassane kunne liggje langt frå land, dei ytste var gjerne dei minst hemmelege og vart kalla for «havmed». Torske- og seiplassane lenger inne vart verna betre om. Meda kunna ha treffande namn; nokre sa noko om fiskeplassen, andre kunne ymte om folket som hadde fiska der.

Mykje av kunnskapen om fiskemeda er i ferd med å gå tapt. I dag nyttar fiskarane moderne hjelpemiddel for å finne dei gode fiskeplassane og å finne dei att. Dei gamle fiskemeda er best kjent hos den eldre generasjonen, og det er viktig å sikre denne kunnskapen før han går tapt.

Fiskereiskap i Svendsenbua.



Boknasild - lokal verdi

Silda har vore svært viktig for folk ved kysten. På grunn av rike førekomstar med sesongvise innsig av enorme stimar nær kysten, har ho vore forholdsvis lett å fange i store mengder. Sildefisket har variert, men i periodar har det vore ein viktig del av økonomien.

Frå gammalt av har silda også vore sikringskost og ho har sikra mat på bordet gjennom mange hundre år. Før ein kjende til frys og kjølvart silda salta, røykt og tørka på ulike måtar og med ulike kombinasjonar for konservering. Slik har det utvikla seg eit mangfald av måtar å tilbrede sild på.

På Mørekysten har tradisjonen med boknasild stått sterkt. Verbet bokne tyder å tørkast/bli halvtørr. Boknasild er såleis sild som er tørka, men ikkje så lenge at ho vert tørrsild.

Det er lokale variantar og ulike måtar å lage boknasild på, og kunnskapen har blitt overført frå generasjon til generasjon. Endringar i leve-sett gjer at mykje tradisjonell kunnskap står i fare for å gå tapt. Sjølv om boknasildtradisjonen lever i dag, er det helst den eldre generasjonen som både lagar og et matretten.

Herøy kystlag har i fleire år, fram til år 2020, laga boknasild for sal. Silda har dei fått gratis av Fosnavåg Pelagic og inntekter frå salet har gått til finansieringa av Herøy kystlag. Kystlaget har også hatt eit samarbeid med Herøy vidaregåande skule, der elevar på naturbrukslinja har hjelpt til med tilverkinga.

På denne måten har ein fått vidareført kunnskap om både matrett og tilverking. Kystlaget har planar om å starte opp att tilverking for sal.



Boknasild på loftet av "Slippen", Herøy kystlag. Foto: Svein Sporsheim.

Slik lagar ein boknasild

Sild som skal boknast bør fiskast i februar, då er den passe feit.

- *Flekk silda ved å først stikke kniven ned i nakken, men ikkje heilt i gjennom. Skjer så vidare bakover langs beinet til det er seks/sju cm att. Stikk kniven igjennom, og fortsett til det er kring to cm att.*
- *Ta ut innmaten og vring fisken*
- *Silda skal så liggje i isvatn over natta for å få ut blodet. Det er viktig at det er isvatn og at det ikkje vert nytta salt*
- *Skrap så ut symjeblæra og legg silda i vatn ein halv times tid*
- *No er silda klar til å tørkast, det gjer den på hjell under tak, med kring 10 cm avstand mellom kvar sild*
- *Temperatur kan vere frå 6-7 grader og ned til minus 3 i kring 20 dagar*

Lagrast i papirsekk på ein tørr stad.

Del 4: Handlingsplan

Kjelder

Bergseth, M. og H. Aarset 2005: Vi formar staden vår... God byggeskikk og visuell kvalitet i plan- og byggesaker på Sunnmøre. Felles rettleiar for Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Gurandsrud, E. og O. Teige (red) 2022: Norsk løshistorie 1720-2020. Fra selvstendige næringsdrivende til statsansatte. Museumsforlaget Trondheim 2022.

Herøyboka - Gardar og folk (bind 1-3, 1. utg 1962-63, 2. utg 1979-83)

Herøyboka – Bygdesoga (bind 1-3, utg. 1972, 1973, 1989)

Herøyboka - Landslag og folkeliv (utg. 1970).
(Forfattar: Bjarne Rabben)

Herøysoga - Heimar og folk (band 1-4), utg. Herøy Sogelag 2009-2014.
(Forfattar: Per-Ståle Moltu m.fl.)

Hovda, P. 1961: Norske fismeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker. Universitetsforlaget.

Hungnes, K. B. 2018: Lokal, global eller glokal. Er det mogleg å ta vare på den lokale og regionale kulturarven i globaliseringa sin tidsalder? (Masteroppgåve ved Høgskulen i Volda).

Jordal, J.B. 2017: Tilstandsvurdering av noen helhetlige kulturlandskap på Sunnmørskysten i 2017. Nr. 5-2017.

Møre og Romsdal fylkeskommune 2024: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune 2015: Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi.

Norsøk rapport 2024: Kystlyngheia på Nerlandsøy. Vol.9 Nr. 16.

Skogvold, G. 2019: Kvalsundfunnet – skipet i myra. En landskapsanalyse sett i et maritimt perspektiv (Masteroppgåve ved UIO, Institutt for arkeologi, konservering og historie).

Storøy, S. O. 2020: Sverre Pedersen o Fosnavåg. Ein byplanhistorisk studie av tettstaden Fosnavåg med vekt på reguleringsplanen Sverre Pedersen gjorde for Fosnavåg i åra 1955-1962 (Masteroppgåve ved Arkitektur og designhøgskolen i Oslo (AHO)).

Vedlegg

- Liste over kulturminne av nasjonal verdi
- Liste over kulturminne av regional verdi
- Liste over kulturminne av regional verdi

Kulturminne av nasjonal verdi

(berre dei som er med i regionaldelplan eller er eitt av dei 18 utvalde kulturminna, samt kulturlandskap, er lista opp her)

Kulturminne ID	Namn, type kulturminne	Datering	Vernestatus
92606-1 og 325559-0	Rødskar bergkunst	Steinalder/bronsealder	Automatisk freda
92569-1	Buholmвика, steinalderbustad	Steinalder	Automatisk freda
158756-1	Runde, Akerendam, skipsvrak	Uviss	Automatisk freda
45872	Kvalsund funnstad	Yngre jernalder	Automatisk freda
55147	Løsetstranda gravrøyser	Bronsealder-jernalder	Automatisk freda
55146-1	Golleneset, Kvalsvik, gravrøys	Bronsealder-jernalder	Automatisk freda
45876	Runde, tufter	Steinalder-jernalder	Automatisk freda
84565	Herøy kyrkjestad	Mellomalder	Automatisk freda
92579	Mulevika, Nerlandsøya, kulturmarker med ulike steinstrukturar	Uviss	Automatisk freda
145537-1	Mjølstadneset, bosetning-aktivitetsområde	Uviss	Automatisk freda
226936-1	Dragsund bruvaktarbustad	1800 tallet, 4. kvartal	Statleg listeført
87254	Runde fyr	1700 tallet, 3. kvartal	Vedtaksfreda
87253	Raftenes prestegard	Uviss	Vedtaksfreda
Kulturlandskap			
KUL K556	Flåværløia		
foreløpig utan	Runde-Nerlandsøy		

Kulturminne av regional verdi (regionaldelplan MRFK)

Kulturminne ID	Namn	Datering	Vernestatus
Kystkulturminne			
foreløpig utan	Fosnavåg kystkulturmiljø	Uviss	Regionalt verneverdig
338385-0	Flåvær handelsstad (også handelsminne)	Uviss	Regionalt verneverdig
227086-1	Loshytte, Runde	1900 tallet, 1. kvartal	Regionalt verneverdig
226977-1	Runde hamn	1800 tallet, 1. kvartal	Regionalt verneverdig
227131-1	Svinøy fyr	1900 tallet, 1. kvartal	Regionalt verneverdig
Landbruksminne			
foreløpig utan	Goksøyra, Runde, spesielt verdifullt kulturlandskap med eldre beitelandskap	Uviss	Regionalt verneverdig
227181-1	Leinestøylen, Leine, gardstun	Uviss	Regionalt verneverdig
foreløpig utan	Vikane, Bergsøya, gardstun	Uviss	Regionalt verneverdig
Handelsminne			
foreløpig utan	Herøy gard, handelsstad	Uviss	Regionalt verneverdig
227088-1	Kjeldsund handelsstad	Uviss	Regionalt verneverdig

Kulturminne ID	Namn	Datering	Vernestatus	Omsynssone/spesialområde bevaring
Helsehistorisk minne				
227000-1	Herøy Sjukestove/ sjukeheim	1929	Regionalt verneverdig	
Kyrkjehistorisk minne				
84717-1	Indre Herøy kyrkje	1900 tallet, 2. kvartal	Regionalt verneverdig	
145576-2	Ytre Herøy kyrkje	2003	Regionalt verneverdig	
84923-1	Leikanger kyrkje, Leikong	1807/1872	Regionalt verneverdig	
Forsvarsminne				
227064-1	Sommerfjøs Skorpesundet	Uviss	Regionalt verneverdig	
Organisasjonslivsminne				
226814-1	Losjehuset, Myrvåg	Uviss	Regionalt verneverdig	
226958-1	Losjehus Leikong	Uviss	Regionalt verneverdig	
227019-1	Runde, bedehus	Uviss	Regionalt verneverdig	
Skulehistorisk minne				
227072-1	Flåvær skule	1800 tallet, 4. kvartal	Regionalt verneverdig	
226733-1	Nerlandsøy skule, førstegenerasjons skulehus på opprinneleg stad	1800-talet, 3.kvartal		

Kulturminne ID Samferdselsminne	Namn	Datering	Vernestatus	Omsynssone/spesialområde bevaring
227107-1	Leikong, landingsvorr	Uviss	Regionalt verneverdig	
(Fjerna?)	Bruvakter Stridestraumen	1900 tallet, 1. kvartal	Regionalt verneverdig	
Kulturminne av lokal verdi				
Landbruksminne				
338361-0	Bustadhus på Igesund	1775-1799	Kommunalt listeført	
338362-0	Gardstun, Bent-garden med skjå og stabbur	1875-1899	Kommunalt listeført	
338366-0	Kvernhus, Espeset, Bølandet. Tidlegare kvernhus som stod ved elva på Frøystad, flytta og no nyta som hønsehus		Kommunalt listeført	
338367-0	Gardstun, Indre Bø med stove og låve	1875-1899	Kommunalt listeført	
338368-0	Gardstun med bustadhus, sjå, løe, samt naust ved sjøen, Nygård, "Kvamaplassen", Bølandet	1869/1870	Kommunalt listeført	
338370-0	Gardstun, med bustadhus, stabbur, løe, potetkjellar og naust ved sjøen, Stranden, "Kristerplassen"	1890 m. fl	Kommunalt listeført	
338371-0	Gardstun, med stove, vedskjul og stabbur, Espeset, Bølandet	1884 m fl.	Kommunalt listeført	
338372-0	Røykstova på Nesgjerdet	Flytta hit i 1872	Kommunalt listeført	
338373-0	Naustrekkja i Kvalsvika	Uviss	Kommunalt listeført	Ja, planID 201276

Kulturminne ID	Namn	Datering	Vernestatus	Omsynssone/spesialområde bevaring
338374-0	Stove og stabbur, Norgård, Nedre Kvalsvik	1885/1890	Kommunalt listeført	
338375-0	Stabbur, Nedre Kvalsvik. Gamle båtbord er nytta som kledning i aust	17/1800-talet	Kommunalt listeført	
338376-0	Løe i Bø Ytre	1800-talet, 4.kvartal	Kommunalt listeført	
338377-0	Kvernhus og ruinar etter kvernhus, Goksøy	1800-talet	Kommunalt listeført	
338378-0	Kvernhus i Djupvik, Sjurgarden	Kring århundreskiftet	Kommunalt listeført	
338379-0	Jordkjellar på Vålnes	1800-talet	Kommunalt listeført	
338380-0	Naustrekkje, Sanden, Runde	Uviss	Kommunalt listeført	
338381-0	Naustrekkje, Goksøy	Uviss	Kommunalt listeført	
339098-0	Tunet på Elsebø	Uviss	Kommunalt listefør	Ja, planID201247
339099-0	Kårstova på Reite	Uviss	Kommunalt listefør	Ja, planID201247
Handelsminne				
338360-0	Havilabygget, administrasjonsbygningen til Havila AS	2007-2008	Kommunalt listeført	
338384-0	Skotholmen; sjøbu og borgstove	1800-talet	Kommunalt listeført	
338385-0	Flåvær; Rullebuda, hovedhus, potet/vinkjellar, utedo, borgstove og stovehus	17- og 1800-talet	Kommunalt listeført	

Kulturminne ID	Namn	Datering	Vernestatus	Omsynssone/spesialområde bevaring
Teknisk-industirelle minne				
338393-0	Smedvika, skipsbyggeri		Kommunalt listeført	
271875-0	Tjørnvåg selspekkeri		Kommunalt listeført	
338394-0	Frøystad fiskevegn, fabrikk med notheng		Kommunalt listeført	
Organisasjonslivsminne				
338397-0	Remøy bedehus	1925	Kommunalt listeført	
338398-0	Kvalsvik bedehus	1951	Kommunalt listeført	
Skulehistorisk minne				
338382-0	Borgja, Bersøy skule	1957	Kommunalt listeført	
338383-0	Den gamle skulen i Kvalvika Gamleskulen på Berge		Kommunalt listeført	Ja, planID 201247
Samferdselsminne				
338386-0	Steinvôr ved Moltu gravplass		Kommunalt listeført	
338392-0	Djupvikskogen		Kommunalt listeført	
Andre				
338848-0	Moltu gravplass	1828	Kommunalt listeført	

Kulturminne ID	Namn	Datering	Vernestatus	Omsynssone/spesialområde bevaring
338407-0	Kvia på Moltu		Kommunalt listeført	
339100-0	Lundhaugen, bustadhus på gnr. 27/35		Kommunalt listeført	Ja, planID 201247
Kystkulturminne, Fosnavåg				
338404-0	Corner, tidlegare bensistasjon og bilverkstad		Kommunalt listeført	
338405-0	Gamle Fosnavåg Canning, hermetikkfabrikk	1947-1948	Kommunalt listeført	
338406-0	Urheim, velferdshus for tilreisande arbeidrarar ved Voldnes- verksemda	1955-1958	Kommunalt listeført	
338505-0	Herøy rådhus		Kommunalt listeført	
338506-0	Slippen		Kommunalt listeført	Ja, plan ID 201263
338765-0	Voldnesbygget		Kommunalt listeført	
289930-0 m.fl.	Gjerde		Kommunalt listeført	Ja, plan id 201203
339082-0	Jakobsenhuset, Rådhuskvartalet		Kommunalt listeført	Ja, plan id 201203
339094-0	Verneverdige bygg, sjøbuer		Kommunalt listeført	Ja, plan ID 198701
Kulturlandskap				
foreløpig utan	Kulturmarker på Nerlandsøy			